



Merknadshefte

Sognefjorden marine verneområde

Fase: høyring av verneforslag



Innhold

Møte og treffpunkt undervegs i verneprosessen	4
Oppstartsfasen: første offentlige innspelsrunde	7
Merknader ved oppstart	7
Bjarne Meel, e-post 09.11.2022 (sendt før oppstartsmeldinga) og e-post den 17.02.2023 ...	8
Bjørn Vike, e-post 17.01.2023	9
Statnett, e-post 09.02.2023 og brev 13.03.2023	9
Aurland hamnevesen, e-post 17.02.2023	10
Vik kommune, brev datert 21.02.2023 med vedtak frå kommunestyremøtet den 16.02.2023	11
Årdal kommune, brev datert 27.02.2023 med vedtak frå kommunestyremøtet den 16.02.2023	11
Høgskulen på Vestlandet, brev 10.03.2023	12
Lærdal kommune, e-post datert 13.03.2023 med vedtak frå utval for miljø og samfunnsutvikling den 16.02.2023	14
Sjømat Norge, brev datert 13.03.2023	14
Fjord Forsk Sogn AS, brev 13.03.2023	15
Statens vegvesen, brev 14.03.2023	15
Mattilsynet, brev 14.03.2023	17
Norges vassdrags- og energidirektorat, NVE, brev 15.03.2023	17
Statkraft Energi AS, brev 15.03.2023	18
Mowi, brev 15.03.2023	19
Sognefjorden Vel, brev 15.03.2023	20
Osland setjefisk AS, brev 15.03.2023	22
Norsk Bergindustri, brev 15.03.2023	24
Naturvernforbundet Indre Sogn, brev 15.03.2023	25
Kystverket, brev 17.03.2023, e-post 28.06.2023	27
Bjørn Henning Hov, e-post 21.03.2023	28
Fiskeridirektoratet, brev 23.03.2023	29
Solund kommune, e-post 28.03.2023	30
Nærøyfjorden verneområdestyre, brev datert 28.03.2023	30
Breheim Nett AS (Luster Energiverk), brev datert 30.03.2023	30
Høyanger kommune, brev datert 31.03.2023	31

Aurland kommune, brev datert 31.03.2023	31
Sogndal kommune, brev datert 12.04.2023	33
Vestland fylkeskommune, brev datert 05.05.2023.....	34
Innkomne brev etter oppstartsmeldinga, men før den offisielle høyringa	35
Uttale frå Naturvernforbundet sitt årsmøte den 18.11.2024	35
Uttale frå Nettverk fjord- og kystkommuner, brevet vart motteke hos Statsforvaltaren den 27.10.2025, brevet er datert 20.11.2025	36
Uttale frå åtte ordførarar, brevet vart motteke hos Statsforvaltaren den 27.10.2025, brevet er datert 07.10.2025	36
Uttale frå Kystverket datert 20.10.2025	37
Brev/innspeil frå Høyanger kommune og Statkraft i brev og e-postar februar/mars 2026. ..	38
Innkomne merknadar til kart frå grunneigarar før høyring	38
Merknadar frå høyringsfasen.....	40
Vedlegg	40

Møte og treffpunkt undervegs i verneprosessen

Sidan Statsforvaltaren i Vestland fekk oppdragsbrevet den 10.01.2022 om å starte opp verneprosess for Sognefjorden har vi hatt som mål å sikre lokal medverknad og forankring undervegs. Det har difor vore høgt prioritert å invitere til møtepunkt og formidle oppdraget breitt ut. Nedanfor er ei oversikt over aktiviteten vår fram til høyring. Møte i kunnskapsinnhentingfasen med Havforskningsinstituttet og Akvaplan NIVA er ikkje inkludert.

Når	Kva	Kven	Kor
04.02.2022	Dialogmøte med VLFK	Politisk og adm.	Teams, referat
04.-08.03 2022	Ringerunde ordførarar/ oppfølging på e-post	Alle ordførarar	Arkivert
30.03.2022	Informasjonsmøte for alle kommunane	Kommunane og VLFK	ViteMeir, Kaupanger, referat
31.03.2022	Orientering på årsmøtet til Sognefjorden Vel	Medlemmar i organisasjonen	Høgskulen på Vestlandet
25.05.2022	Orientering i Sogndal kommunestyre	Kommunestyret	Tinghuset Leikanger
05.11.2022	Orientering i Villfiskseminar i Aurland	Opent seminar	Kommunehuset Aurland
06.12.2022	Samordningsmøte VLFK og SFVL	Sakshandsamarar akvakultur	Teams
09.12.2022	Orientering for Sogn regionråd	Ordførarar og kommunedirektørar	Hotellet, Høyanger
09.02.2022	Orientering til Aurland kommunestyre	Kommunestyret	Kommunehuset Aurland
16.02.2022	Orientering til Årdal kommunestyre	Kommunestyret	Kommunehuset Årdal
17.02.2022	Møte med Aurland hamnevesen	Hamnevesenet og verneområdestyret	Teams
17.02.2023	Møte i adm. grupper i vassregionområda Indre og Ytre Sogn	Adm. i Gulen, Luster, Høyanger, Hyllestad, Vik, Solund, Aurland, Sogndal, Lærdal, VLFK, SFVL	Teams
27.+28. 02.2023	Indre og Ytre Sogn vassområdeutval	Politikarar og adm. i same kommunar	Teams
28.03.2023	Orientering Høyanger kommune	Politikarar og adm.	Kommunehuset Høyanger
22.06.2023	Møte med Kystverket	Administrasjon i dei respektive organ	Teams, referat
18.04.2024	Møte med FFI om dumpeområde for ammunisjon	FFI v/toksikolog Arnt Johnsen	Teams (vart utarbeidd rapport frå samtalen)
25.04.2024	Orientering til Høyanger kommunestyre	Kommunestyret	Kommunehuset Høyanger

18.06.2024	Møte i referansegruppa for lokale myndigheiter	Deltakarar i referansegruppa	Teams (manglar referat)
26.08.2024	Foredrag under Kick-Off Dugnad for havet	Ope for alle	Meieriet i Sogndal
08.11.2024	Gjesteførelsing Mountain to Fjord	Studentar	Høgskulen på Vestlandet
21.11.2024	Dialogmøte med ordførarar og varaordførarar	Hyllestad, Høyanger, Gulen	Teams, referat
12.12.2024	Orientering i Solund kommunestyre	Kommunestyret	Hardbakke, Solund
13.02.2025	Orientering i Gulen kommunestyre	Kommunestyret	Teams
20.02.2025	Orientering i Hyllestad kommunestyre	Kommunestyret	Kommunehuset i Hyllestad
10.03.2025	Indre Sogn og Ytre Sogn vassutval	Politikarar og adm. i Gulen, Høyanger, Vik, Hyllestad, Solund, Aurland, Sogndal, Lærdal, Luster, VLFK	Teams
28.03.2025	Orientering i verdsarvmøte	Verdsarvstyret med fleire	Lærdal
06.04.2025	Orientering for Natur og Ungdom	Fylkesstyret med fleire (20+ stk)	Kaupanger
09.04.2025	Orientering i Vik kommunestyre	Kommunestyret	Vikøyri
10.04.2025	Foredrag One Ocean Week, marint vern Sognefjorden og Stad	Ope arrangement	Litteraturhuset Bergen +streaming
08.05.2025	Møte med Sogndal dykkarklubb	Styret i dykkarklubben	Dampskipskaaien, referat
22.05.2025	Orientering i Lærdal kommunestyre	Kommunestyret	Rådhuset i Lærdal
	Orientering på nasjonalparkkommune-konferanse	Nasjonalpark-kommunane	Teknologiparken, Årdal
10.06.2025	Fjordkveld med sofadrøfting og stand	Ope arrangement	Sogn friluftsråd, Villakssenteret i Lærdal
11.06.2025	Fjordkveld med sofadrøfting og stand	Ope arrangement	Sogn friluftsråd, Årdal kulturhus
12.06.2025	Fjordkveld med sofadrøfting og stand	Ope arrangement	Sogn friluftsråd, Sogndal kulturhus
13.06.2025	Fjordkveld med sofadrøfting og stand	Ope arrangement	Sogn friluftsråd, Blix hotell i Vik
16.06.2025	Orientering i Sognarådet	Regionrådet, Indre Sogn	ViteMeir, Kaupanger
18.06.2025	Møte med ordførarane	Møte etter initiativ frå ordførarane	Statens hus, Leikanger, referat
19.06.2025	Orientering i Luster kommunestyre	Kommunestyret	Luster rådhus

21.08.2025	Sørsideseminar	Konferanse for næring, kommune, m.fl	Sørsida av Høyanger
01.09.2025	Temamøte med akvakulturnæringa	Invitasjon til alle i akvanæringa	Skjerjehamn
02.09.2025	Innlegg, Skjerjehamn-konferansen	Open konferanse	Skjerjehamn
18.09.2025	Referansegruppa for kultur, naturmangfald, reiseliv	Deltakarar i referansegruppa	Teams, referat
22.09.2025	Referansegruppa for industri, akvakultur, sjøfart	Deltakarar i referansegruppa	Teams, referat
14.10.2025	Temamøte for fiskeri	Fiskerinæringa, Fiskeridirektoratet	Teams, referat
05.11.2025	Møte med ordførarane	Ordførarane og SFVL	Statens hus, Leikanger, referat
25.11.2025	Gjesteførelesing Mountain to Fjord	Studentar	Høgskulen på Vestlandet
14.04.2026	Innlegg på FjordForsk	Ope seminar i regi av Verdsarvparken	Kinoen i Aurland
15.04.2026	Innlegg på miljøseminar for akvakultur	FKVL+ Fiskdir+ Sjømat N. +SFVL	Florø

Oppstartsfasen: første offentlege innspelsrunde

Statsforvaltaren i Vestland meldte den 8. desember 2022 oppstart av verneprosess for Sognefjorden. Med oppstartsmeldinga låg eit utgreiingsprogram som skulle skildre framdrift, utgreiingsbehov og medverknad. Dette utgreiingsprogrammet var vedlagt oppstartsmeldinga, og begge vart lagt ut offentleg for innspel. Frist for merknadar var sett den 15. mars 2023. På førespurnad fekk fleire aktørar utsett frist, seinast til 3. mai 2023.

Vi la vekt på god informasjonsflyt i den første involveringsfasen. [Heimesidene](#) våre er jamleg oppdatert med både bakgrunnsinfo om prosessen, styrande dokument, resultat frå kunnskapsinnhenting og presentasjonar/referat frå møte. Statsforvaltaren har vore på besøk i alle kommunestyra minst ein gong for å orientere om den marine verneprosessen. I tillegg har vi orientert om marint vern Sognefjorden på ei rekkje andre arenaer og har opplevd stor interesse for temaet, sjå oversikt. Det kom inn innspel frå 29 ulike aktørar i oppstartsfasen. Nokre aktørar har sendt inn fleire innspel. Merknadane er summert opp og kommentert av oss i dette merknadsheftet. Alle merknadane i si heilskap ligg som vedlegg.

Vi fekk inn innspel i frå privatperson Bjarne Meel før oppstartsmeldinga, og etter utsending av oppstartsmeldinga kom det inn innspel frå Bjørn Vike, Statnett, Aurland hamnevesen, Bjarne Meel (nytt innspel), Vik kommune, Årdal kommune, Høyanger kommune, Nærøyfjorden verneområdestyre, Solund kommune, Statens vegvesen, Mattilsynet, Fiskeridirektoratet, Bjørn Henning Hov, forskargruppe fjord og forskargruppe skred frå Høgskulen på Vestlandet, NVE, Statkraft Energi AS, Mowi ASA – region vest, Statnett (nytt innspel), Lærdal kommune (nytt innspel), leiar i Sognefjorden Vel, Osland setjefisk AS, Norsk Bergindustri, Naturvernforbundet i Indre Sogn, Sjømat Norge, Fjord Forsk Sogn AS, Peter Hovgaard, Kystverket (to innspel), Breheim Nett AS, Aurland kommune, Sogndal kommune og Vestland fylkeskommune.

Vi delte opp merknadane til oppstartsfasen i to delar: dei innspela som retta seg mot utgreiingsprogrammet og dei innspela som retta seg mot utforming av sjølve verneforslaget. Merknadar til utgreiingsprogrammet vart kommentert med vår vurdering av kva endringar som burde gjerast i forslaget til utgreiingsprogram. Innspel til utforming av verneforslaget vart ikkje kommentert utfyllande i oppstartsfasen då det ikkje vart sendt ut eit konkret forslag til forskrift og geografisk avgrensing. Merknadsheftet er oppdatert med merknadar frå grunneigarar med privat eigedom i verneforslaget før høyring av verneplanen.

Etter høyringa av verneforslaget vil merknadsheftet igjen bli oppdatert, mest truleg tematisk, med innkomne høyringsfråsegner og vår vurdering av disse, før verneforslaget blir tilrådd vidare til Miljødirektoratet for sentral handsaming i regjeringa.

Merknadar ved oppstart

Merknader ved oppstart vart delt i to ettersom dei retta seg mot utgreiingsprogrammet eller mot utforming av verneforslaget. I nokre tilfelle sorterte vi merknadene annleis enn det avsendar har gjort. Vi kommenterte nedanfor merknader til utgreiingsprogrammet, og gav vår vurdering av om utgreiingsprogrammet burde endrast eller ikkje.

Plassomsyn gjer at merknadene er summert kort opp, med fokus på konkrete forslag til endringar i utgreiingsprogrammet og konkrete innspel til områdeavgrensing og innhald i føresegner. For meir utfyllande informasjon om grunngjeving for forslag og innspel, andre synspunkt og tekst som er å sjå som informasjon og bakgrunnsmateriale viser vi til det enkelte innspelet i si heilskap i vedlegget. Innspela er lista mest mogeleg kronologisk.

[Bjarne Meel, e-post 09.11.2022 \(sendt før oppstartsmeldinga\)](#) og e-post den 17.02.2023

Merknadar til utgreiingsprogrammet

Ingen merknadar retta spesielt mot utgreiingsprogrammet.

Merknadar til verneplanen

1. Vernet bør inkludere temaet villaks, og den nasjonale laksefjorden bør bli utvida. Utan betre innsats frå myndigheitene vil laks og sjøaure bli borte frå Sognefjorden i løpet av få år.
 - a. Det er for mykje lakselus på vill anadrom fisk.
 - b. Trafikklyssystemet er uakseptabelt og fungerer ikkje etter hensikta.
 - c. Det er påvist stor genetisk forureining frå oppdrettslaks på villaks.
 - d. Det må bli større minstevassføring i alle vassdrag for å sikre anadrom fisk i ulike livssyklusar i elver med kraftutbygging.
 - e. Det er tungmetall og særleg kvikksølv i fisk i Sognefjorden, det må undersøkjast kjelder til forureininga.
 - f. Elvevatn frå kraftutbygging vert slept ut på djupner i fjorden og endrar livsforhold for plankton, fiskeyngel og medfører dermed fiskedød. Torskebestanden er borte mange stader no.
 - g. Lysfiske etter sild er ikkje berekraftig og må kontrollerast eller stoppast, så det ikkje reduserer mangfaldet i fjorden.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Vi fekk i oppdrag om å starte verneprosess for Sognefjorden sjølv om det er mange utfordringar og mange styresmakter med ansvar for ulike regelverk som gjeld.*
 - a. *b. c. Kva rammer akvakultur vil få i Sognefjorden marine verneområde vil bli avklart i verneplanarbeidet. Vi viser til omtale av akvakultur i utgreiingsprogrammet, mellom anna i tabellen på side 39-41. Det ligg ikkje inne i vårt oppdrag å vurdere grensene for nasjonal laksefjord, dette er eit politisk spørsmål, men vi kan spele inn våre vurderingar til Miljødirektoratet om Sognefjorden dersom ordninga med nasjonale laksevassdrag- og fjordar skal opp til revisjon/bli utvida.*
 - d. *Endring av minstevassføring i eksisterande utbyggingar føreset at det blir opna for revisjon av konsesjonsvilkår. Konsekvensar av reguleringa vil då bli utgreidd. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)/Olje- og energidepartementet (OED) er konsesjonsmynde og kan endre gjeldande manøvrering.*
 - e. *Det manglar mykje kunnskap om kjelder til forureining i Sognefjorden, men gjennom [vassforskrifta](#) skal alle vassførekomstar nå eit mål om god økologisk og kjemisk tilstand innan 2027. Eit overvåkingsprogram er i gang for Sognefjorden, og fylkeskommunen er vassregionmynde.*

- f. Sjå punkt d. Eit marint vern av Sognefjorden vil ikkje kunne reversere allereie vedtekne utbyggingsprosjekt. Manøvreringa av kraftverka er tema ved revisjon av konsesjonsvilkår, og konsekvensar for marine miljø bør då bli greidd ut.
- g. Vi har ikkje mynde eller i oppdrag å vurdere fiske etter havressurslova, forskrift om regulering av fisket etter brisling, eller bruk av lys og not som reiskap. [Havforskningsinstituttet gir råd om kvoter for kystbrisling, og Fiskeridirektoratet set dei endelege kvotene](#). Sogndal kommunestyre har t.d. vedtatt å forsøke å stoppe lysfiske etter brisling innafor kommunegrensene for å sjå effektar av dette fisket på økosystemet. Saka ligg til fiskeri-styresmaktene. Statsforvaltaren kan avgrense lysfisket i fiskereglane for munningsfredingssonene. I september 2022 var det [høyring for ny forskrift for fiske utanfor vassdrag med anadrom laksefisk](#). Det blei då føreslått et forbod mot å fiske med not, snurrevad og trål frå 1. januar til 14. oktober nærare grense elv/sjø enn 500 meter. I første høyringsrunde kom det fleire innspel på at ein burde ha strengare reglar for lysfisket. Det vil bli ny høyring om § 5 i føreslått forskrift, og det er mogleg å komme med innspel til utøving av lysfiske i munningsfredingszone i ny høyringsrunde.

[Bjørn Vike, e-post 17.01.2023](#)

Merknader til utgreiingsprogrammet

Ingen merknadar retta spesielt mot utgreiingsprogrammet.

Innspel til verneplanen

1. Vernet må ta omsyn til fjordsystemet si påverknad på truga artar som laks og sjøaure. Vernet må inkludere tiltak mot oppdrett i opne merdar med luseproblematikk, sjukdom, gift og kloakk, samt gråvatn frå cruise.

Statsforvaltaren si vurdering

1. Kva rammer oppdrett, avlaupsanlegg og utslepp frå cruiseskip vil få i Sognefjorden marine verneområde må bli avklart i verneplanarbeidet. Vi viser elles til tabellen på side 39-41 i utgreiingsprogrammet.

[Statnett, e-post 09.02.2023 og brev 13.03.2023](#)

Merknader til utgreiingsprogrammet

1. Miljødirektoratet vedtok å gje dispensasjon frå forureiningslova for å la ei linje liggje att på botn av Sognefjorden etter at den rauk under anleggsarbeid i 1967. Elles ingen merknadar retta spesielt mot utgreiingsprogrammet. Statnett ønskjer å stå på lista over mottakarar av informasjon vidare i verneprosessen.
2. Statnett skriv at det er planlagt oppgradering av leidningar mellom Aurland – Sogndal – Ramnaberg, og at i samband med dette vil vere naudsynt med båtar, helikopter og drone. I brevet blir det understrekt at slik ferdsel med båt, helikopter og drone er naudsynt og ikkje må bli forbode i eit marint verneområde, eventuelt at det blir gitt eit generelt unntak for slik aktivitet i verneforskrifta.

Statsforvaltaren si vurdering

1. Vi vil oppdatere kunnskapsgrunnlaget i utgreiingsprogrammet med å leggje inn omtale av linja. Statnett står på adresselista vi nyttar ved utsending av dokument og vi vil halde Statnett informert om verneprosessen vidare.

2. *Ferdsle med båt, helikopter og drone vil ikkje bli påverka av marint vern. Tabellen i utgreiingsprogrammet er justert for å synleggjere at drift og vedlikehald av eksisterande anlegg ikkje skal bli påverka av marint vern, samt presisere at bruk av båt, helikopter og drone ikkje blir påverka.*

Innspel til verneplanen

1. Statnett har aktivitet knytt til kraftliner som kryssar Sognefjorden, mellom anna spennet mellom Kaupangerhalvøya og Vik kommune frå 1967, som er registrert som teknisk kulturminne.
2. Det vil ikkje bli anlegg i strandsona eller på fjordbotn ved strekking av nye eller ved erstatning av gamle liner.
3. Ei verneforskrift må ta omsyn til drift og vedlikehald, samt utvikling av transmisjonsnettanlegg. Det må også bli eit generelt unntak i vernereglane for oppgradering og fornying av transmisjonsanlegg, og at bruk av drone og helikopter ikkje blir forbode.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Kulturminne vil bli tema for utgreiing i ei konsekvensanalyse.*
2. *Anlegg på land og i luftspenn blir regulert av andre lovverk enn ei verneforskrift for marint vern.*
3. *Nyetablering, heving av spenningsnivå, auke av linjetverrsnitt, drift og vedlikehald, inkludert inspeksjon, av anlegg som kraftliner i luftspenn over Sognefjorden vil ikkje bli påverka av marint vern. Oppgradering av transmisjonsanlegg som t.d. heving av spenningsnivå og auke av linjetverrsnitt, om det ikkje blir lagt som kabel på sjøbotn, vil kunne pågå som normalt etter andre lovverk. Vi viser til omtale av kraftliner under kapittel 4.3.7 i utgreiingsprogrammet.*

[Aurland hamnevesen, e-post 17.02.2023](#)

Merknader til utgreiingsprogrammet

Ingen merknadar retta spesielt mot utgreiingsprogrammet.

Innspel til verneplanen

1. Aurland hamnevesen har ansvar for travle hamnar og mykje trafikk. I Flåm har Kystverket planar om å fjerne grunner (Fretheimsgrunna og Otternesgrunna) i skipsleia. Det er planar om å etablere ein sjøkabel frå Aurland til Flåm for å etablere landstraum til skip, og cruisekaia i Flåm er planlagt å bli utvida inntil 100 meter mot nord. Det er behov for utbetringar av fleire mindre kaier, mellom anna ved veglause grender.
2. Hamnevesenet føreslår at det marine vernet vil gå utanom eksisterande hamneanlegg og å kunne halde eksisterande ankringsområde utanfor, med mindre det blir funne sjeldne artar slik at fordelane med vern vert større enn ulempene ved å finne alternative ankringsområde.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Informasjonen vil bli teke med vidare i verneplanarbeidet. Jamfør malane for marine verneforskrifter vil det ikkje vere lov å sprengje vekk grunner, og vi vil minne om § 44 i naturmangfaldlova om at det ikkje vil vere lov å iverksetje tiltak eller aktivitet som kan truge verneverdiane no når vi har meldt oppstart av verneprosess.*

2. *Kor forslaget til vernegrenser vil gå vil bli vurdert etter utarbeidinga av konsekvensutgreiinga (KU), og vil vere viktig å få innspel på under høyringsfasen i verneprosessen. Det vil vere eit viktig mål for konsekvensutgreiinga at ho skal gi ei god naturfagleg grunngjeving for behovet for vern.*

Vik kommune, brev datert 21.02.2023 med vedtak frå kommunestyremøtet den 16.02.2023

Merknader til utgreiingsprogrammet

Vik kommune er nøgd med utkastet til utgreiingsprogram, og har nokre innspel.

1. Ferjeruta Vik – Ortnevik manglar under kapittelet Samferdsel og skipstrafikk.
2. KULA (Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse) inkluderer også stadvis areal i sjø og bør bli omtalt under kapittelet om Kulturminne, mellom anna Balestrand og Vangsnes, Strendene i Vik, Nærøyfjorden, for å nemne nokon.
3. Konsekvensutgreiinga må vurdere om vernet vil skape hindringar for bygging av nye kaier, bryggjer og anlegg for båt i område med brå-djupne.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Vi har oppdatert utgreiingsprogrammet med ferjeruta Vik – Ortnevik.*
2. *Vi har innarbeidd føreslegne område i Vik, i tillegg til andre KULA-kandidatar i og langs Sognefjorden, i utgreiingsprogrammet.*
3. *Konsekvensutgreiinga skal inkludere god utgreiing av tiltak som kaier, bryggjer, og liknande tiltak og anlegg. Temaet vil både vere relevant i kapittel som marin samferdsel, men også reiseliv og friluftsliv.*

Innspel til verneplanen

1. Det er viktig for Vik kommune å kunne utvikle reiselivet og kunne leggje til rette for å nytte Vikjabukti som ankringsplass for store skip.
2. Sidan Vik er midt i ein revisjon av arealdelen til kommuneplanen er det viktig å ha kunnskap om kor kommunen kan planleggje næringsareal. Nye areal for akvakultur blir konsekvensutgreidd i kommunen våren 2023, og kommunen skriv det er viktig å få informasjon om kva som må til for at akvakultur ikkje vil vere i strid med eit framtidig vern av Sognefjorden.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Kva rammer ankringsområde og oppankring av skip og båtar vil få i Sognefjorden marine verneområde vil bli avklart i verneplanarbeidet. Det er registrert eit ankringsområde i Vikjabukti i eksisterande kart, og vi sikter på å kartleggje alle ankringsområde sommaren 2023 for å få meir kunnskap om disse områda. Vi viser til tabellen på side 39-41 i utgreiingsprogrammet.*
2. *Informasjonen om Vik kommune sitt arealplanarbeid vil bli teke med vidare i verneplanarbeidet. Kva slags akvakultur som vil kunne vere i tråd med verneføremålet vil verneprosessen ta sikte på å avklare. Etter eit vernevedtak vil også arbeidet med forvaltningsplan skape rammer for ei føreseieleg forvaltning for alle partar.*

Årdal kommune, brev datert 27.02.2023 med vedtak frå kommunestyremøtet den 16.02.2023

Merknader til utgreiingsprogrammet

1. Konsekvensutgreiinga må inkludere tema knytt til forbindelsar for vatn- og avløp, energi, kraftutbygging og kraftforsyning. Den må greie ut kva eit vern vil ha av konsekvensar for nye vasskraftutbyggingar som i både gjeldande og i framtidige konsesjonar der utgangen og overføringsforbindelsar skal liggje under havnivå.
2. Årdal kommune ønskjer å delta i referansegruppa i verneplanarbeidet, og involvere seg i arbeidet med konsekvensutgreiinga.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Rammene for ny kraftutbygging, legging av røyr og kablar, samt andre relevante tema for energi vil vere viktig å greie ut i konsekvensutgreiinga. Det vil i utgangspunktet ikkje bli lov å dumpe masse, bore, sprengje og liknande i eit marint verneområde. Legging av kablar vil vere lov etter søknad, sjå tabellen på side 39-41 i utgreiingsprogrammet.*
2. *Vi er glade Årdal vil delta i arbeidet med konsekvensutgreiing, og har føreslege kommunane, i lag med dei andre kommunane, i referansegruppa for lokale myndigheiter.*

Innspelet til verneplanen

1. Årdal kommune stillar seg i utgangspunkt positiv til vern av Sognefjorden, men ønskjer å få avklaringar greidd ut i den vidare prosessen.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Vi tek innspelet med vidare i prosessen.*

Høgskulen på Vestlandet, brev 10.03.2023

Høgskulen på Vestlandet (HVL) si forskargruppe Fjord og forskargruppe Skred har signert brevet og uttalar seg positive til vern og til prosessen som er i gang. Begge faggruppene har omfattande aktivitet i og rundt Sognefjorden, og Skred har særleg fokus på indre delar av Aurlandsfjorden. Forskargruppene skriv at dei gjerne vil bidra med både kunnskapsgrunnlag og rådgjeving om det trengst i verneprosessen.

Merknader til utgreiingsprogrammet

1. Forskargruppe Fjord stiller seg positive til oppstartsmeldinga for verneprosessen. Brevet inneheld tilgjengelege resultat frå forskingsarbeid m.a. med økologiske og kjemiske miljøklassifikasjonar i sidefjordane til Sognefjorden. Faggruppa opnar for ei studentoppgåve for å få oversikt over utfylling og dumping i fjorden. Dei viser også spesielt til miljøundersøkingar av Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden.
2. Faggruppa gjer merksam på at godkjenninga frå UNESCO gjeld Vestnorske fjordar og ikkje Vestnorsk fjordlandskap, og meiner dette er ei feil oversetting av ansvarlege myndigheiter fordi den norske oversettinga utelukkar fjorden og fokuserer på landskapet omkring fjordane.
3. Faggruppa viser til planlagt sprenging av Fretheimsgrunna og Åtranegrinna (også omtalt som Otternesgrunna) nær Flåm. Eit slikt tiltak vil vere uheldig fordi det finst få slike grunner i fjorden og dei kan ha verdi for biologisk mangfald.
4. I Øystrebøvatnet er vassøyla påverka av fjorden og dermed ein del av fjordsystemet i Fuglesetfjorden. Difor bør Øystrebøvatnet bli innlemma i verneområdet.
5. Forskargruppe Skred viser til betydinga fjordbotnen i og fjellsidene rundt Aurlandsfjorden har som forskings- og undervisningsarena, og kor unike strukturar som finst der. Det er også krigsminne inst mot Flåm.

6. Under kapittelet Arealbruk blir det marinbiologiske miljøet framheva, men det bør også bli presisert at det er omfattande skredforskning innan fagfeltet maringeologi. Både Universitetet i Bergen og Havforskningsinstituttet bør også bli nemnt som aktive forskingsaktørar.
7. Sidan både vasskraft og massedumping har stor, ytre innverknad på fjorden, og bør bli framheva på ein sterkare og tydelegare måte i utgreiingsprogrammet. Særleg påverknad frå vasskraft er så omfattande at slik omtale bør få ei eiga overskrift.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Vi set pris på kompetansen i HVL og har gode erfaringar med student- og forskingsarbeid som grunnlagsmateriale i verneprosessar.*
2. *Statsforvaltaren tek innspelet til vitande, men må forhalde oss til UNESCO si omtale og oversetting av formuleringar av verdsarvområdet.*
3. *Vi har lagt til omtale av dei to grunnane og Kystverket sitt arbeid frå 2017 i utgreiingsprogrammet. Sprenging i eit marint verneområde vil i utgangspunktet, jf. malane for marine verneforskrifter, ikkje vere tillate. Vi har lagt til eit nytt punkt i tabellen på side 39-41.*
4. *Vi er usikre på kva vernekvalitetar Øystrebøvatnet har, men vil avklare dette i verneplanarbeidet.*
5. *Vi har lagt til omtale, i utgreiingsprogrammet, av fjordbotnen si unike geologi og betydning for vitskapen, og om D/S Begonia som kulturminne.*
6. *Vi tek innspelet til vitande, og har lagt inn omtale av maringeologi, UiB og HI i den oppdaterte utgåva av utgreiingsprogrammet.*
7. *Under overskrifta Andre brukarinteresser (under Arealbruk) låg mange ulike tema. Vi har no oppretta fleire kapittel opp for å få betre oversikt, sjå oppdatert utgreiingsprogram.*

Innspel til verneplanen

1. Faggruppa viser til planlagt sprenging av Fretheimsgrunna og Åtranegrunna (også omtalt som Otternesgrunna) nær Flåm. Eit slikt tiltak vil vere uheldig fordi det finst få slike grunner i fjorden og dei kan ha verdi for biologisk mangfald.
2. Faggruppe Skred understrekar kor viktig det er å verne landskapet på overflata saman med landskapet på fjordbotnen. Fjordbotnen har eit mangfald av botnstrukturar som er unike i norsk geologi med skredryggavsettingar av ulik alder og marine krater, og marint vern av fjordbotnen i dette området er heilt vesentleg for forskning og undervisning.
3. Krigsminnet D/S Begonia som vart senka under 2. verdskrig i Flåm har eit uavklart potensiale knytt til turisme, reiseliv og friluftsliv.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Sprenging i eit marint verneområde vil i utgangspunktet, i malane for verneforskrift, ikkje vere tillate. Vi har lagt til eit nytt punkt i tabellen på side 39-41 om sprenging på sjøbotn.*
2. *Ivaretaking av fjordbotn er eit av verneføremåla til eit marint verneområde.*
3. *Kulturminne blir tema i ei konsekvensutgreiinga, og får truleg eit sterkare vern ved oppretting av eit marint verneområde.*

Lærdal kommune, e-post datert 13.03.2023 med vedtak frå utval for miljø og samfunnsutvikling den 16.02.2023

Merknader til utgreiingsprogrammet

Ingen merknadar retta spesielt mot utgreiingsprogrammet.

Innspel til verneplanen

1. Lærdal kommune ser positivt på at vernearbeidet for Sognefjorden er starta opp, og understrekar kor viktig Sognefjorden er for naturmangfald, som ferdselsåre, for reiseliv, friluftsliv og rekreasjon.
2. Oppdrettsanlegg, særleg for oppdrettslaks, har store konsekvensar for villaksbestandane inst i fjordane. Verneprosessen bør sjå på restriksjonar og tiltak som kan betre levekåra for villaksen i Sognefjorden og tilhøyrande anadrome lakseelvar.
3. Oppstartsmeldinga av marint vern Sognefjorden kan ha store konsekvensar for kommunen sine utviklingsplanar for sentrumsnære fjordområde med m.a. utvikling av båthamn, badeplass, sikringstiltak mot havnivåstigning med meir. Kommunen er i gang med reguleringsplanarbeid, men ser at det oppstarta vernearbeidet kan stoppe fleire av tiltaka. Det er viktig for Lærdal å kunne drive utvikling av attraktive tettstader også med tiltak i fjorden, og legg stor vekt på naturmangfald og landskapstilpassing i eventuelle tiltak.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Vi tek innspelet til vitande, og forventar positive verknadar av eit framtidig marint vern for dei tema som Lærdal kommune nemner.*
2. *Kva rammer akvakultur vil få i Sognefjorden marine verneområde vil bli greidd ut i verneprosessen. KU vil greie ut konsekvensane av eit marint vern også for akvakultur og villaks, vi har lagt til ei meir utførleg skildring i kapittel 4.*
3. *Naturmangfaldlova § 44 blir gjeldande etter at oppstart er meldt for ein verneprosess, og det aktuelle forvaltningsorganet må vurdere om eit tiltak i eit område som inngår i verneforslaget er utan nemneverdig betydning for verneforslaget. Det er kommunen som forvaltar plan- og bygningslova, og må vurdere dette. Vi tek gjerne initiativ til ei synfaring i dialog med kommunen.*

Sjømat Norge, brev datert 13.03.2023

Merknader til utgreiingsprogrammet

Ingen merknadar retta spesielt mot utgreiingsprogrammet.

Innspel til verneplanen

1. Område med akvakulturverksemd innanfor kandidatområdet for marint vern bør bli unntatt vernet. Normalt er sediment og botndyr ein effekt i anleggsona, så ein bør unngå å verne areal som allereie har etablert verksemd dersom det ikkje kan bli dokumentert at det er sårbare, verneverdige naturverdiar i same område. Vern skal ikkje bli så utstrekt at det bidreg til fråflytting og mangel på investeringslyst.
2. Gjeldande vernearbeid har opna for at eksisterande verksemd har fått fortsetje drifta på gjeldande vilkår, men eit vern vil likevel gjere det meir vanskeleg å endre akvakulturverksemda. Dette gjeld også dersom ei endring inneber forbetring av miljø, helse og velferd. Konkurranskrafta kan bli svekka og næringa er allereie under sterkt press.

3. Sårbare naturtypar kan takast vare på gjennom målretta beskyttelse utan å måtte verne heile fjorden. Det manglar kunnskapsgrunnlag både om sårbare naturtypar og om mange område i dag. Vern må vere basert på eit betydeleg kunnskapsgrunnlag.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Grensene til Sognefjorden marine verneområde er noko som verneplanarbeidet skal avklare. Det er aktuelt å sjå på ulike alternative avgrensingar i KU, sjå omtale av Sognesjøen i kapittel 3.2.3.*
2. *Rammene for akvakulturverksemd i Sognefjorden marine verneområde vil bli greidd ut i løpet av verneprosessen.*
3. *Vi vil samle inn så mykje kunnskap vi kan innanfor ramma vi har til rådvelde i verneprosessen. Sommaren 2023 skal Havforskningsinstituttet kartlegge Sognefjorden og lage ein modell for å lettare finne sårbare naturtypar.*

Fjord Forsk Sogn AS, brev 13.03.2023

Merknader til utgreiingsprogrammet

1. Kan bidra med kunnskap, erfaring og innsamling av prøver frå fjorden i eit KU-arbeid. Har særleg kunnskap om vassdragsutbyggingane sin effekt på fjordar, inklusive hydrografi, straum og danning av fjord-is, utslepp av industriavfall, kloakkutslepp, kommuneplanar, vassbruksplanar, djupvassfauna og vurdering av oppdrettslokalitetar.
2. Innafor grensa for nasjonal laksefjord kan oppdrett gå føre seg i store betongkar med vatn frå djupet som blir pumpa opp til fiskeproduksjon. Næringsstoff kan såleis bli samla opp og nytta til m.a. gjødsel. Djupvatnet i fjorden kan også nyttast til energiproduksjon i varmpumper.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Vi tek innspelet til vitande.*
2. *Bruk av djupvatn som blir pumpa opp og nytta til oppdrett eller energiproduksjon legg vi inn som tema i KU.*

Innspel til verneplanen

1. Det bør bli lagt til rette for fritidsfiske og matauk med godkjende reiskap og med minstemål for både laksefisk og marine artar.
2. Brislingfiske må bli regulert betre enn i dag. Det blir mykje bifangst når brislingfiskarar brukar store nøter og kraftige lyskastarar, sjå avisinnlegg med tittelen *Brislingfisket i fjordene er ikkje bærekraftig*. I innlegget er det føreslege å frede Sognefjorden for lysfiske med snurpenot i 10 år for å kunne sjå effekten på det marine livet.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Fritidsfiske vil vere lov innanfor rammene av malen for marine verneforskrifter, sjå t.d. tabellen i utgreiingsprogrammet og døme frå andre nyleg vedtekne marine verneområde. Sjå også kapittel 3.1.3 om friluftsliv.*
2. *Regulering av fiske jamfør havressurslova, som t.d. brislingfiske ligg under Fiskeridirektoratet, og er såleis utanfor myndighetsområdet til Statsforvaltaren og Miljødirektoratet. Fiskeridirektoratet vil bli invitert inn i verneprosessen.*

Statens vegvesen, brev 14.03.2023

Statens vegvesen (SVV) er eigar og forvaltar av riksveg med oppgåver som utbygging, drift og vedlikehald på eksisterande veg- og ferjeanlegg. Eit av Statens vegvesens 5 toppmål er å bidra til

å oppfylle Norges klima- og miljømål. Under dette ligg målet om at SVV skal unngå tap av viktig natur og redusere den totale arealbruken deira.

Merknader til utgreiingsprogrammet

1. SVV forstår at drift og vedlikehald av eksisterande infrastruktur vil kunne fortsetje, men saknar ein definisjon av drift og vedlikehald, og håpar dette kan bli avklart i planarbeidet.
2. Som del av arbeidet med verneplanen må det utgreiast i kva grad det vil vere naudsynt å legge restriksjonar på deponering av massar for å ta i vare verneverdiane.
3. SVV vil gjerne følgje opp med eit sær møte om drift, vedlikehald og utbygging av vegar.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Det er eit relevant spørsmål, og vi tek sikte på å definere «drift og vedlikehald» i planarbeidet.*
2. *Kva rammer massedeponering/massedumping vil få i Sognefjorden marine verneområde må bli avklart i verneplanarbeidet. Vi viser elles til side 33 og 34 i utgreiingsprogrammet.*
3. *Det ligg døme, inne i utgreiingsprogrammet, på sær møte som kan vere aktuelle å ha i løpet av verneprosessen, der møte med Statens vegvesen og VLFK er nemnt, sjå side 42.*

Innspel til verneplanen

1. Det er svært viktig at vernet ikkje avgrensar fortløpande drift og vedlikehald av SVV sine installasjonar og objekt over og under vatn, og SVV treng å kunne utføre dette utan å måtte søkje om dispensasjon frå vernestyresmakta. SVV ønskjer eit generelt unntak i vernereglane for drift og vedlikehald.
2. SVV vil at «drift og vedlikehald» også skal inkludere utbetring og nybygging av ferjekaier på eksisterande samband og på reservekaier. I tillegg bør utbetring av veg, bru-kar og fyllingar som går i sjøen, og deponering av massar, også rasmassar, vere inkludert i «drift og vedlikehald», og tilsvarande tiltak og aktivitetar. Dette fordi det er i nær framtid behov for oppgradering av ferjekaier. Ved skredhendingar må rasmassane raskt kunne bli rydda vekk for å opne vegane att.
3. Ved bygging av nye vegar og bruer, eller ved utbetring av gamle, vil det kunne vere aktuelt å dumpe masseoverskot i fjorden, sjølv om det som oftast er siste utveg. SVV vil signalisere at eit marint vern ikkje må vere til hinder for å dumpe masse i Sognefjorden. Ved t.d. bygging av ein fleire km lang tunell mellom Førde og Lavik, forbi Vadheim, kan det vere behov for å bli kvitt store mengde tunnelmasse. Å deponere dette på land vil føre til konsekvensar for natur og miljø. Det bør vere ei opning i verneforskrifta for å kunne dumpe massar i fjorden utan å måtte søkje om dette på førehand.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Marint vern skal ikkje avgrense drift og vedlikehald av eksisterande anlegg innanfor vernegrensa, og i malen for marine verneforskrifter (sjå lenkje i utgreiingsprogrammet til andre marine verneforskrifter) er det ikkje søknadspliktig.*
2. *Det som juridisk blir definert som drift og vedlikehald vil ikkje inkludere nybygging, heller ikkje endringar i storleik. Kva rammer samferdsel, inklusive drift og vedlikehald, nye anlegg, med vidare vil få i Sognefjorden marine verneområde vil bli avklart i verneplanarbeidet. Vi viser også til tabellen på side 39-41.*

3. *Aktuelle restriksjonar tek utgangspunkt i tilrådingane frå rådgivende utvalg for marin verneplan. Dumping av masse i marine økosystem medfører store konsekvensar for natur og miljø. Ei generell opning i verneforskrifta for dumping av masse i fjorden er ikkje i tråd med malane for marine verneforskrifter, sjå døme på disse på side 32. Rammene for SVV sin aktivitet i Sognefjorden vil bli avklart i verneplanarbeidet.*

Mattilsynet, brev 14.03.2023

Merknader til utgreiingsprogrammet

Ingen merknadar retta spesielt mot utgreiingsprogrammet.

Innspel til verneplanen

1. Oppdrettsnæringa er i stadig utvikling, og eit framtidig marint verneområde må ta høgde for potensiell endring av teknologi, arealbruk og flytting av anlegg når målet er betre fiskehelse og fiskevelferd.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Kva rammer akvakultur, inklusive endring av teknologi og flytting av anlegg, vil få i Sognefjorden marine verneområde vil bli avklart i verneplanarbeidet.*

Norges vassdrags- og energidirektorat, NVE, brev 15.03.2023

Merknader til utgreiingsprogrammet

Det er energi- og vassdragsinteresser i det føreslegne verneområdet, m.a. nettanlegg, kraftverk, kablar, fabrikkar og kartlagde digitale kraftverk.

1. NVE er positiv til at Statnett SF har uttalt seg og ber om at alle områdekonsesjonærar, eigarar av nettanlegg og kraftverk, og andre relevante partar blir inkludert i adresselista slik at dei får moglegheit til å uttale seg. Dette gjeld særleg områdekonsesjonærar som har betre oversikt over nettkomponentar- og planar for distribusjonsnett.
2. NVE legg fram ei samla oversikt over kraftverk langs Sognefjorden og ber oss ta kontakt med aktuelle kraftverkseigarar direkte, slik at disse har mogelegheit til å uttale seg om kor vidt vernet vil komme i konflikt med drift, vedlikehald eller oppdragering av dei ulike anlegga.
3. NVE visar til eit vedtak frå Miljødirektoratet om å la ein kabel frå Statnett bli liggjande på botn av Sognefjorden etter eit uhell i 1967.
4. NVE ber oss sende verneforslag for Sognefjorden til Hydro Aluminium Høyanger og til Hydro Aluminium AS Hydro Energi Sogn.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Oppstartsmeldinga vart sendt til dei relevante kommunane, aktuelle høyringspartar, kunngjort i lokalaviser og på våre heimesider. Fordi det ikkje ville vore mogeleg å nå alle relevante interessentar for eit så stort område, bad vi spesielt om at oppstartsmeldinga blei vidaresendt dersom mottakarane av brevet såg at nokon mangla på adresselista.*
2. *NVE sendte høyringsinnspellet til oss med kopi til alle kraftverkseigarane, og brevet er datert same dag som fristen gjekk ut. Vi har no sett disse på adresselista for den vidare prosessen, då høyringa er den viktigaste fasen for konkrete innspel.*
3. *Vi kan inkludere omtale av denne kabelen i kapittelet om ureining og vassmiljø.*

4. *Vi beklagar at disse to Hydro-fabrikkane falt ut av mottakarlista til oppstartsmeldinga, og har lagt disse inn no for vidare prosess. Det kom innspel frå m.a. Sogn Regionråd og Årdal kommune om å innlemme ein representant for Hydro i ein av referansegruppene, og vi foreslår ei utviding der.*

Innspel til verneplanen

1. NVE skriv at det er planlagt oppgradering av leidningar mellom Aurland – Sogndal – Ramnaberg, og at i samband med dette vil vere naudsynt med båtar, helikopter og drone. NVE syner til Statnett som skriv at ei verneforskrift må ta omsyn til drift og vedlikehald, samt utvikling av transmisjonsnettanlegg. Det må også bli eit generelt unntak i vernereglane for oppgradering og fornying av transmisjonsanlegg, og at bruk av drone og helikopter ikkje blir forbode.
2. NVE refererer til utgreiingsprogrammet der det står at privat grunn i utgangspunktet ikkje blir påverka av verneforslaget, og at grunneigarar såleis bør kunne utnytte potensialet i småkraftverk som kan vere lønsame ved utbygging. NVE føreset at dersom dette ikkje er tilfelle vil Statsforvaltaren konkretisere dette i vidare verneprosess.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Drift og vedlikehald, inkludert inspeksjon, av eksisterande anlegg vil vere lov i eit framtidig marint verneområde. Kablar i luftspenn vil ikkje bli påverka av eit marint vern. Bruk av båt, helikopter og drone vil ikkje bli påverka av vernereglar, då ferdslе ikkje blir påverka av marint vern. Dersom eksisterande sjøkablar i eit marint verneområde treng å bli skifta ut, eller det er behov for nye kablar av samfunnsmessig betyding, vil dette kunne få løyve om det ikkje strir mot verneføremålet. Tabellen i utgreiingsprogrammet er justert for å synleggjere at drift og vedlikehald av eksisterande anlegg ikkje skal bli påverka av marint vern, samt presisere at bruk av båt, helikopter og drone ikkje blir påverka. Vi vil sikte på å klargjere omgrepet «drift og vedlikehald» før høyringa.*
2. *Grensa for det marine vernet vil i utgangspunktet gå på to meter under sjøkartnull, med mindre andre omsyn ligg til grunn. Då vil eventuell utbygging av vasskraft på land i utgangspunktet ikkje bli påverka av det marine vernet, men jf. tabellen i utgreiingsprogrammet vil det ikkje vere opning for å dumpe eventuelle massar i fjorden. Vi har oppdatert utgreiingsprogrammet med meir omtale av vasskraft og eventuelle konsekvensar av aktivitet som primært føregår på land. Vi føreset at massehandsaming i vasskraftprosjekt blir godt utnytta som ein ressurs i sirkulærøkonomien. Sidan det heller ikkje vil vere opning for boring og sprenging vil dykking av eit eventuelt utløp frå eit kraftverk også kunne vere i strid med målet om å ta vare på sjøbotn og det tilhøyrande marine livet der.*

Statkraft Energi AS, brev 15.03.2023

Statkraft Energi AS har fleire vasskraftutbyggingar langs Sognefjorden, både i Høyanger, Vik og Jostedal/Leirdøla. Verksemda skriv at produksjon av vasskraft påverkar fjordmiljøet til dømes gjennom utslepp av vatn på andre tider grunna magasinering, eller på andre stader i fjorden enn det naturlege utløpet. Dette kan igjen påverke temperatur, omrøring, islegging, sedimenter, med meir.

Merknader til utgreiingsprogrammet

1. Vasskraft må vere tema for utgreiing i verneprosessen.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Vi legg inn eit nytt punkt i kapittelet om naturressursar om vasskraft, slik at det får meir merksemd og omtale.*

Merknadar til verneplanen

1. Det er viktig for Statkraft Energi at eit marint vern tek omsyn til vasskraftanlegg, med drift, vedlikehald og utvikling av anlegga. Ei verneforskrift må ta høgde for framtidige utvidingar og ombyggingar, som til dømes behov for nye utløp til fjorden, utviding av kaianlegg, deponering av sprengstein, fyllingar, med meir.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Kva rammer vasskraftutbygging med drift og vedlikehald vil få i Sognefjorden marine verneområde må avklarast i verneplanarbeidet. Vi kan likevel allereie no vise til at det ikkje ligg restriksjonar på drift og vedlikehald av eksisterande anlegg. Ved større endringar som vesentleg auke i vassmassar eller t.d. boring for nye utløp til fjorden, deponering av sprengstein, og liknande aktivitet og tiltak vil det kunne bli restriksjonar på. Vi viser elles til tabellen i utgreiingsprogrammet.*

Mowi, brev 15.03.2023

Mowi er den største oppdrettsaktøren i Sognefjorden og har fem lokalitetar innanfor planområdet. Ein ny produksjonsstruktur er på gang og Mowi ønskjer koordinering og tett dialog om verneplanarbeidet.

Merknadar til utgreiingsprogrammet

1. Mowi etterlyser ei meir konkret skildring av kva verksemdene vil kunne få lov til og ikkje lov til innanfor akvakultur. Det blir også etterlyst kva ein dispensasjon for å kunne opprette ny akvakulturaktivitet eventuelt vil kunne medføre av vilkår.
2. Utgreiingsprogrammet er veldig overordna og konkretiseringar er heilt naudsynt for å kunne sjå verknadane for oppdrettsnæringa.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Kva rammer akvakultur vil få i Sognefjorden marine verneområde vil bli greidd ut i verneprosessen. KU vil greie ut konsekvensane av eit marint vern også for akvakultur.*
2. *I høyringa vil vi kunne leggje fram eit konkret forslag til vernereglar som det er lettare å meine noko om for den konkrete verksemda og aktiviteten som føregår i dag og som er planlagt for framtida.*

Innspeil til verneplanen

1. Det er knapt med tilgang på gode oppdrettslokalitetar og næringa vil ha behov for å kunne opprette nye eller endre/flytte eksisterande anlegg. Målet er forsterka fokus på berekraftig akvakultur, og det er viktig at marint vern ikkje avgrensar aktiviteten når det allereie er mange restriksjonar.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Både grenser og reglar for eit marint verneområde i Sognefjorden vil bli greidd ut og lagt fram for innspeil i høyringa.*

Sognefjorden Vel, brev 15.03.2023

Merknader til utgreiingsprogrammet

1. Utgreiingsprogrammet bør betre skildre hydromorfologien til Sognefjorden i eitt samleavsnitt, gjerne under overskrifta Områdeskildding. Hydromorfologien er viktig for å forstå påverknadar i større grad, som t.d. vasskraftproduksjon og korleis slik aktivitet påverkar dei øvste lagdelingane av vatn i fjorden om vinteren. Eit slikt avsnitt bør mellom anna innehalde informasjon om:
 - a. Øystrebøvatnet kan sannsynlegvis bli definert som ein poll, og såleis tilhøyrar den Sognefjorden. Det er mogeleg at Finnafjorden også kan bli definert som ein poll.
 - b. Skilddinga bør få fram meir om elvedelta, og korleis tilførsle av massar påverkar likevekta.
 - c. Avsnittet bør inkludere omtale av lysforholda i fjorden, og korleis grunne sidefjordar har anna lysforhold grunna silt og leire frå breelvane.
2. Dumping av sprengstein bør kome tydelegare fram med eigne overskrifter, og det må bli vurdert om det framleis skal vere tillate med omfattande dumping av sprengstein.
3. I tillegg til eit eige kapittel om dumping av sprengstein bør bli eit tilsvarande omtale om anna dumping, som til dømes ammunisjon, skip, kommunalt bos, med meir.
4. Vasskraftverksemda bør kome tydelegare fram med eigen overskrift. Det er mangelfull omtale av vasskraftproduksjon og konsekvensane av dette for miljøtilhøva i fjorden (ev. hydrografiske tilhøve, fjordøkologien og biologiske effektar) i utgreiingsprogrammet. Konsekvensutgreiinga må vurdere om Sognefjorden toler nye og større utbyggingar av vasskraft.
5. Sognefjorden Vel stiller spørsmål ved omtalen av øystrebøssilda i kapittelet Verneverdiar, og viser til fleire forskingsarbeid. Silda er ikkje påvist dei siste tiåra og såleis ikkje genetisk analysert, anten grunna lita fiskeinnsats, utvasking av fjorden grunna vasskraftproduksjon, overfiske eller som bifangst. Allereie i 1953 var det uro for at stammen var for liten til å tole press.
6. Det manglar omtale av Føsundbrua innanfor Bjordal.
7. I figurteksten på side 24 er det omtalt at Ikjefjorden mellom anna er ganske inngrepfri, men etter vasskraftutbygging har årsnedbøren blitt redusert med 50-60% av vassføringa i elvar og fossar som går ut i Ikjefjorden. I tillegg har brubygginga medført terskelendringar tilsvarande eit stort inngrep.
8. Under kapittelet Verdsarv bør utgreiingsprogrammet nemne at Unesco omtalte marine pattedyr i innskrivingsgrunnlaget for Nærøyfjorden.
9. Det ligg føre planar om å sprengje Fretheimsgrunna og Åtranen (Otternesgrunna) i Flåm, og det er få slike grunnar i Sognefjorden. KU må vurdere kva konsekvensar det vil få for verneverdiar, verdsarvstatus og for naturmangfaldet.
10. Det manglar kunnskap om naturmangfald i potensielle kandidatlar for referanseområde, men Sognefjorden Vel støttar i prinsippet oppretting av særskilte avgrensa referanseområde med eit strengare restriksjonsnivå.
11. Tabellen bør ha eit eige punkt om vasskraftutbygging, samt masseuttak.
12. Lista over kva ein treng kunnskap om bør bli utvida og inkludere behov for meir kunnskap om effektar av vasskraftproduksjon på miljøforholda i fjorden.

13. Under kapittel 4.3.4 må innskrivingskriteria også inkludere omtale av marine pattedyr.
14. Lista over kva restriksjonar eit marint vern kan medføre bør få føydd til større vasskraftutbyggingar utan at ein kjenner konsekvensane.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Vi samlar og legg inn meir omtale av hydromorfologi inn i framlegg til utgreiingsprogram, men understrekar at utgreiingsprogrammet skal vere kort og relevant.*
 - a. *Statusen til Øystrebøvatnet i eit framtidig marint verneområde vil bli avklart i verneprosessen. Vi legg til omtale av Finna fjorden som ein mogleg poll.*
 - b. *Vi legg inn ei setning om elvedelta i kapittel 3.*
 - c. *Vi legg inn ei setning om lysforhold i kapittel 3.*
2. *Vi vil lage fleire avsnitt i kapittel 4 for å understreke kor viktig tema som dumping av sprengstein og massar er for utgreiing i verneplanarbeidet. Rammene for dumping av masse, inkludert sprengstein, vil bli avklart i verneplanarbeidet.*
3. *Vi har omtalt dumping av t.d. ammunisjon og skip i kapittelet Ureining og vassmiljø. Vi legg inn ei formulering om kommunal (og privat) bosdumping her.*
4. *Vi vil lage fleire avsnitt i kapittel 4 for å synleggjere vasskraft betre som tema for utgreiing. Vi ser at figuren som syner vasskraft (figur 15) i utgreiingsprogrammet ikkje er kommentert eller omtalt i teksten, men har oppdatert denne. Rammene for vasskraftproduksjon vil bli avklart i verneplanarbeidet.*
5. *Vi vil skrive om avsnittet under Verneverdiar og heller omtale fleire av dei spesielle sildestammene utan å trekke fram éin spesielt.*
6. *Vi inkluderer brua i kapittelet Samferdsel og skipstrafikk.*
7. *Vi endrar på teksten under figuren som syner døme på kartlagde friluftsområde. Vi legg inn oppdatert omtale av Ikjefjorden, sjå kapittel Vasskraft og Mineralutvinning og massedumping.*
8. *Vi kan leggje til at marine pattedyr også var omtalt i innskrivingsgrunnlaget, som grunnlag for verdsarvstatus, for Nærøyfjorden.*
9. *Dette omtalar vi nærmare i det oppdaterte utgreiingsprogrammet.*
10. *Det manglar mykje kunnskap om naturmangfaldet i Sognefjorden, men vi ser på verneprosessen som ei sjanse til å utløyse midlar for både kartlegging og overvaking. Kor eventuelle referanseområde kan vere aktuelt å opprette vil verneprosessen greie ut.*
11. *Vi har utvida og oppdatert tabellen etter innspela i oppstartsfasen.*
12. *Vi er usikre på om dette fell utanfor oppdraget vårt, men vi vil nytte tilgjengeleg kunnskap i prosessen. Der vi ikkje har nok kunnskap vil vi kunne prøve å framskaffe slik kunnskap eller nytte naturmangfaldlova med § 9 om føre-var-prinsippet.*
13. *Vi har lagt til marine pattedyr i omtalen av innskrivingskriteria til Nærøyfjorden verdsarvområde.*
14. *Større vasskraftutbyggingar inkluderer ofte dumping av masser eller boring på sjøbotn med påfølgjande utslepp av kaldt vatn frå høgareliggjande område. Både dumping av masse og boring er i utgangspunktet omtalt i tabellen. Vi kan leggje inn eit tilleggspunkt i lista om potensielle restriksjonar, då dykka utslepp er relevant for det biologiske mangfaldet.*

Innspel til verneplanen

Sognefjorden Vel er svært glade for igangsett verneprosess.

Statsforvaltaren si vurdering

Vi tek det til vitande.

Osland setjefisk AS, brev 15.03.2023

Merknadar til utgreiingsprogrammet

1. Arealavgrensinga bør også ta stilling til om areal skal reduserast i verneprosessen.
2. I Kapittel 5, punkt 6, i utgreiingsprogrammet er det ikkje forklart kvifor areal spesielt ved tettstader og industri skal få vurdert verknadar av eit vern. Konsekvensane av vern for spesifikke områder bør på lik linje også gjelde alle dei eksisterande akvakulturlokalitetane.
3. Indre delar av Sognefjorden har status som nasjonal laksefjord og er underlagt særskilt vern mot oppdrett av laksefisk. Det er ikkje noko ved verneføremålet som tilseier at villaksen elles i fjorden skal inngå i formålet, da avgrensinga av vernet er godt vurdert og fastsett.
4. Øystrebøvatnet har ingen særlege ikkje- menneskeleg skapte verdier som gjer at det bør inkluderast i verneformålet. Den omtalte sildestamma i vatnet er ikkje spesiell eller stadbunden til vatnet.
5. Dei samfunnsøkonomiske verdiane, samt ringverknadar av framtidig potensiell utvikling, av akvakulturnæringa må vere ein del av KU.
6. Grunnlagsinformasjon om påverknad frå akvakulturdrift skal vere relevant.
7. Når konsekvensutgreiinga blir gjort er det viktig at premiss for vurdering av påverknaden frå akvakultur og kva som eventuelt blir påverka er klart. Dette bør innarbeidast i utgreiingsprogrammet.
8. I tabellen i utgreiingsprogrammet er akvakultur nemnt på lista over tiltak/aktivitetar som mest sannsynleg vil vere lov eller ikkje lov i eit marint verneområde. Akvakultur står oppført som «nei», men med * som indikerer at akvakultur likevel kan få dispensasjon dersom tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet. I ein tilgjengeleg presentasjon frå [heimesidene](#) til SFVL er ein liknande tabell vist, men der er akvakultur kategorisert som «ja» enn så lenge ein har tilsvarande dispensasjon, og det blir stilt spørsmål ved kvifor SFVL har gått frå «ja» til «nei».
9. Utkastet til verneføremål er uklart, og kan SFVL klargjere verneføremålet opp i mot drift og utvikling av akvakulturnæringa si bruk av vass-søyle og botn?
10. Drifta tek konkrete omsyn til nasjonal laksefjord og driftsmetoden blir utvikla kvar dag for å redusere påverknaden av t.d. lusepress på villaksen, men for å lukkast er Osland avhengig av fleksible driftsrammer.
11. Osland stiller gjerne i møte eller i referansegrupper der marin verneplan blir tema, og delar gjerne på miljødata eller andre erfaringar.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *I oppstartsmeldinga er planområdet avgrensa til 999 km², og det kan det bli vurdert både utviding og reduksjon av vernearealet. Grensene til Sognefjorden marine verneområde er noko som verneplanarbeidet skal avklare. Det er aktuelt å sjå på ulike alternative avgrensingar i KU, sjå t.d. lista med kulepunkt under kapittel 3.2.3.*

2. I kapittel 5 er det lista opp nokre område der en KU spesielt skal vurdere verknadane som eit vern vil kunne medføre. Vi kan endre setninga i punkt 6 til å bli: Areal tett inntil tettstader, industriverksemd, deriblant akvakultur. Akvakultur er også eit eige kapittel (4.3.6) for utgreiing i KU.
3. Vi har omtalt nasjonal laksefjord som ein av fleire miljøverdiar. Det er mange innspel i oppstartsfasen som tek opp tilhøva for villaksen og sjøauren. Vi vil greie ut konsekvensane av å omtale spesielt ville, anadrome laksefisk i verneføremålet, og har oppdatert utgreiingsprogrammet med dette for auget. Dette gjer vi for å sjå om vernebestemmingane som er aktuelle å foreslå kan bidra til å betre situasjonen for denne typen laksefisk, og kva særskilt betyding Sognefjorden kan ha som økologisk funksjonsområde for laksefiskestammane. Naturmangfaldlova § 39 opnar for å vurdere dette, så ei KU gjer oss moglegeheita for å utgreie spørsmålet nærmare før vi tek stilling til kva vi bør tilrå.
4. Øystrebøvatnet ligg allereie inne i planområdet, og verneprosessen vil greie ut om det skal framleis liggje inne eller bli teke ut før endeleg tilråding. Vi har i utgangspunktet ikkje planar om å utvide planområdet etter oppstartsmelding, men kan innskrenke det i framlegg til høyringskart og etter høyring.
5. Akvakultur er eitt av fleire tema som KU skal greie grundig ut.
6. All etterprøvbar, vitskapleg kunnskap om akvakulturverksemda si påverknad er relevant.
7. Sjå punkt 5.
8. Presentasjonen som Osland viser til vart vist i det aller første møtet med kommunane, før oppstartsmeldinga vart sendt. I seinare presentasjonar (sjå fleire på heimesidene våre) ligg akvakultur som «nei» i tabellen, men med opning for dispensasjon dersom aktiviteten ikkje er i strid med verneføremålet. Vi vil presisere dette i utgreiingsprogrammet og legg til ei setning om at eksisterande akvakultur ikkje treng dispensasjon for å drive slik verksemda driv i dag (dato for utsendt oppstartsmelding), men at ny akvakultur ikkje er lov med mindre verksemda har fått dispensasjon frå vernereglane. Det er i tråd med malane for marine verneområde, vi viser til fleire døme i utgreiingsprogrammet av nyleg vedtekne verneforskrifter.
9. Verneprosessen vil kunne greie ut rammene for drift og utvikling av akvakulturnæringa si bruk av vass-søyla og sjøbotn. Å følgje opp eit vernevedtak med å lage ein forvaltningsplan, der rammene for verneforskrifta blir utdjupa, er viktig å få på plass raskt.
10. Sjå punkt 5 og svaret vårt til Mattilsynet.
11. Vi tek det med oss inn i arbeidet vidare.

Innspel til verneplanen

1. Det bør vere eit grunnleggjande premiss at vernet ikkje skal gje meir negative konsekvensar for samfunnet enn kva verneføremålet og verneverdiane tilseier.
2. Øystrebøvatnet er påverka av kraftutbygging, vasskraftproduksjon og dumping av overskotsmasser. I tillegg har Osland havbruk setjefiskanlegg med tilhøyrande utslepp inst i vatnet. Analyser av silda i Øystrebøvatnet syner at den er genetisk lik norsk vårgytande sild som truleg oppheld seg der periodevis. Med eit menneskeleg påverka, oksygenfattig vatn med låg vassutskifting og store påverknadar frå menneskeleg aktivitet

utan påvist stadeigen sildestamme stiller Osland spørsmål om det er rett å vurdere vatnet som ein del av det marine verneområdet.

3. Det verkar som om det ikkje er vassmassane eller det generelle marine dyrelivet i fjorden som er essensen for vernet av fjorden, noko som er eit sentralt moment for korleis ein aktør som Osland eventuelt kan tilpasse sin drift og framtidsplanar.
4. Ut ifrå informasjonen i MOM- B/ C prøvene, straumbilete og eventuelt spreingsanalysar kan man vurdere kor stort influensområde kvar lokalitet har, og dermed avgrense området som skal vurderast for negativ påverknad.
5. Avklarte lokalitetar som blir drifta slik at det ikkje går negativt utover verneføremålet, bør kunne gjere endringar og ha fleksibilitet av drifta utan krav om dispensasjon frå verneplanen.
6. Det vil vere ei ulempe for akvakulturnæringa å måtte søkje om dispensasjonar for eventuelle endringar i drifta. Det er eit allereie krevjande søknadsbyråkrati i næringa, og ytterlegare krav om dispensasjonar frå ei marin verneforskrift vil gje endå større usikkerheit og forseinkingar.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Balansen mellom bruk og vern vil bli greidd ut i KU og i verneplanprosessen.*
2. *Vi tek informasjonen til vitande og vil avklare statusen til Øystrebøvatnet i verneprosessen.*
3. *I rådgjevande utval si førebelse tilråding om kvifor Sognefjorden står på A-lista i si prioritering er både geologi og tilhøyrande dyreliv trekt fram som unike kvalitetar. Verneområdet vil omfatte overflata, vassøyla og sjøbotnen, jf. omtale under kapittel 3.2.4.*
4. *Vi tek informasjonen til vitande og viser til at rammene for akvakulturverksemd vil bli avklart i verneprosessen.*
5. *Verneforskrifta vil bli utforma med grunnlag i innarbeidde malar, jf. også eksempel på forskrifter frå andre marine verneområde lista i utgreiingsprogrammet.*
6. *For å kunne sikre verneverdiane er det naudsynt å vurdere dispensasjonar for tiltak og aktivitet som kan påverke verneføremålet. For tiltak som ikkje går ut over verneverdiane vil ein kunne få dispensasjon, og det vil vere eit viktig mål å forkorte og forenkla byråkratiet for alle partar.*

Norsk Bergindustri, brev 15.03.2023

Merknader til utgreiingsprogrammet

1. Det er viktig å undersøkje omkringliggjande fastland for geologiske førekomstar før vernevedtak blir fatta, i tilfelle Sognefjorden kan vere aktuell for sjødeponi.
2. Visar til naturmangfaldlova § 41, 2. ledd om å innhente kunnskap om andre mogelege verdiar i området, noko Statsforvaltaren ikkje har utført.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Avsnittet om mineralressursar i kapittel 4.3.5 i utgreiingsprogrammet er supplert med problemstillinga Norsk Bergindustri tar opp.*
2. *Verneprosessen skal få fram kunnskap, både eksisterande og ny, om Sognefjorden og bruken av området slik at eit endeleg vernevedtak er basert på eit solid kunnskapsgrunnlag der alle omsyn er vurdert. Oppstartsmeldinga er ein invitasjon der*

alle fagetatar kan sende innspel om sektorvis kunnskap. KU skal greie ut mineralutnytting som eitt av fleire tema.

Innspel til verneplanen

1. Eit marint verneområde kan beslagleggje viktige ressursar av lokal, regional, nasjonal eller global verdi. Statsforvaltaren må ta omsyn til slike førekomstar.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Ein grundig gjennomgang av kunnskapsgrunnlaget vil vere eit av dei viktigaste føremåla med verneprosessen, både med tanke på naturmangfald og verknader for andre samfunnsinteresser.*

Naturvernforbundet Indre Sogn, brev 15.03.2023

Merknader til utgreiingsprogrammet

1. Heile Sognesjøen bør bli kartlagt, ikkje berre det avgrensa arealet som er synt fram i figur 5 i utgreiingsprogrammet.
2. Alle elvedelta som grenser til nasjonale laksevassdrag bør få vernegrense til flomålet, og ikkje på to meter under sjøkartnull, om ikkje Statsforvaltaren meiner det i formuleringa «der verneområde på land går heilt ned til havnivå»?
3. Utgreiingsprogrammet omtalar i liten grad den negative påverknaden som eksisterande kraftutbygging og vassdragsregulering har på fjorden, og ønskjer betre omtale av dette. KU må vurdere kva ei auka kraftutbygging vil kunne ha på den økologiske tilstanden og korleis eksisterande kraftproduksjon påverkar fjorden og verneføremålet.
4. Utgreiingsprogrammet bør ha ei breiare omtale og konsekvensvurdering av påverknaden frå akvakultur. Det verkar som at oppdrettsnæringa, i dokumentet, er skåna for moglege negativ påverknad av eit framtidig vern.
5. Det blir dumpa forureina snø i fjorden fordi mange kommunar slit med å handsame slik snø etter gjeldande regelverk. I tillegg er omfanget av kloakkutslepp og avrenning frå jordbruket ukjent per i dag for Sognefjorden. Utslepp vil komme til å bli ei aukande utfordring i framtida i lys av klimaendringar. Auka nedbør med overvatn, underdimensjonerte kloakkanlegg, tørke, avrenning og erosjon kan representere trugsmål mot marine verneverdiar. Dette bør bli kartlagt.
6. Korallførekomstar bør bli kartlagt som ein del av KU for Sognefjorden.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Det prikkete området (i figur 6 i det oppdaterte programmet) er så langt utanfor mandatet til rådgjevande utval for marin verneplan vi kan kartleggje utan å gå utanfor oppdraget vårt. Det prikkete arealet inkluderer terskelen der vi vurderer det er sannsynleg kan finnast viktig marint naturmangfald. Vi har såleis ei fagleg grunngeving for å melde oppstart på eit større areal enn det rådgjevande utval la til grunn for snart 20 år sidan, men kan ikkje leggje inn heile Sognesjøen. Vi legg inn omtale og lenkje til digitalt kart under kapittel 3.1.1 som tydelegare syner arealet det er meldt oppstart for og har endra kartet i figur 4 for å unngå misforståingar.*
2. *Vi ser at formuleringa er uklår, og legg til ei presisering. Med verneområde meiner vi område verna etter naturvern- eller naturmangfaldslova, ikkje vassdragsvern eller nasjonale laksevassdrag/laksefjord.*

3. *Vi legg inn eit eige avsnitt om vasskraft under kapittel 3.1.2 Arealbruk og har oppdatert kartet over vasskraft med ny figur 15. Sjå vurderingane våre under innspelet frå Sognefjorden Vel. Kraftutbygging er eitt av fleire tema som blir greidd ut i KU, og vi vil synleggjere dette betre i kapittel 4.3.*
4. *Rammene for akvakulturverksemd i Sognefjorden vil bli greidd ut i løpet av verneprosessen. Vi har omtalt dette temaet meir grundig med eiga kapittel, etter innspel til oppstartsmeldinga.*
5. *Vi legg inn ei formulering om snødumping, kloakkutslepp og avrenning frå jordbruket i kapittel 3.1.2 Ureining og vassmiljø.*
6. *Vi skal kartleggje terskelen i Sognesjøen og utvalde stader i Sognefjorden sommaren 2023 som eit ledd i kunnskapsinnhentinga i verneprosessen.*

Innspel til verneplanen

1. Det er svært positivt at verneprosessen for Sognefjorden er i gang som ein openberr milepåle i arbeidet for meir og betre vern av norsk natur.
2. Heile Sognesjøen bør bli inkludert i eit marint verneområde fordi Sognesjøen er porten til fjorden og eit område der økologisk tilstand og funksjon har stor påverknad på resten av Sognefjorden.
3. Øystrebøvatnet bør bli inkludert i verneområdet, og då særleg kanalen inn i Øystrebøvatnet. Ei eventuell utgraving av kanalen vil vere eit uakseptabelt inngrep med uante konsekvensar. Vatnet bør bli vurdert som ein kandidat for økologisk restaurering.
4. Ei heving av vernegrensa frå to meter under sjøkartnull bør bli vurdert i alle område som kan ha betydning som oppvekstområde for artar eller som har ei anna økologisk rolle.
5. Det må vere eit stort fokus på elvedelta vidare i prosessen. Sognefjorden har svært få intakte elvedelta igjen, og det er potensiale for å restaurere andre. Til dømes Nagløyri bør bli inkludert i det marine verneområdet. I tillegg til at deltaområde kan bidra med økosystemtenester som flaumdemping kan disse også ha verdi for rekreasjon og naturformidling.
6. Alle delta som grenser til nasjonale laksevassdrag bør få vernegrense til flomålet, ikkje to meter under sjøkartnull. Dette gjeld Flåmselva, Nærøydalselva, Vikja, Lærdalselva og Årøyelva. Også grunner som t.d. Vandaneset og Storøyna i Barsnesfjorden bør inngå i verneområdet då dei er sjeldne førekomstar i fjorden.
7. Oppdrettsnæringa påfører negative effektar på økonomien til næringar som t.d. elvefiske, fjordfiske, rekefiske, reiseliv med meir, i tillegg til stor miljøbelastning på heile økosystemet. Akvakultur var opphavleg ikkje lov i marine verneområde grunna den store påverknaden.
8. Referansegruppa for akvakultur og sjøfart bør bli supplert av fleire aktørar som ikkje representerer økonomiske interesser i sjømatnæringa, som til dømes fylkeskommunen med vassforvaltningskompetanse, elveeigarlag og/eller miljøorganisasjonar.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Vi tek innspelet til vitande.*
2. *Grensene til Sognefjorden marine verneområde er noko som verneplanarbeidet skal avklare. Det er aktuelt å sjå på ulike alternative avgrensingar i KU, sjå omtale av Sognesjøen i kapittel 3.2.3.*

3. Øystrebøvatnet ligg inne i planområdet, og verneprosessen vil greie ut om det skal framleis liggje inne eller bli teke ut før endeleg tilråding.
4. Sjå punkt 2.
5. Vi vil vurdere alle relevante deltaområde, som t.d. Nagløyri, i verneprosessen. Vi vil leggje til rette for god dialog med grunneigarar og andre rettshavarar der vi vurderer å innlemme privat eigedom i verneområdet. Supplerande vern er også aktuelt. Vi har lagt til ei setning om rekreasjons- og formidlingsverdien som deltaområde kan ha i kapittel 3.1.3 om friluftsliv.
6. Sjå punkt 2.
7. Rammene for akvakulturverksemd i Sognefjorden marine verneområde vil bli greidd ut i løpet av verneprosessen.
8. Vi har føreslege tre ulike referansegrupper der vi har gruppert interessene litt. Referansegruppene skal m.a. fremje engasjement, framskaffe kunnskapsgrunnlag og leggje til rette for at alle relevante aktørar kjem til orde (sjå kapittel 6). Vi ser det som ei fordel med referansegrupper der nokolunde samanfallande interesser er i same gruppe, jf. erfaringar som Statsforvaltaren i Troms og Finnmark har gjort seg i Andfjorden-prosessen. Vi fekk munnleg innspel i Villfiskseminaret i Aurland å inkludere eit elveeigarlag i referansegruppa for kultur, naturmangfald og reiseliv, og har lagt det inn i utgreiingsprogrammet. Fylkeskommunen er ført opp på alle tre grupper og det blir opp til VLFK å oppnemne rett kompetanse til rett gruppe.

Kystverket, brev 17.03.2023, e-post 28.06.2023

Merknader til utgreiingsprogrammet

1. Det er ei rekkje ankringsplassar i Sognefjorden som er i meir eller mindre bruk. Det er viktig at skip kan sleppe anker for å hindre avdrift i dramatiske situasjonar. Eit forbod mot ankring vil vere svært uheldig for sjøtrafikken. Kystverket jobbar med å oppdatere og kartfeste nye ankringsområde, og jamfør kart er det foreslått 23 område som no er på høyring innanfor det avgrensa kandidatområdet for marint vern. Enkelte gamle ankringsområde er ikkje lengre like eigna for ankring grunna utlegging av sjøkablar og sjøleidningar. Behovet for oppankring av cruiseskip har også endra seg ilar dei siste åra. Kystverket foreslår no nye ankringsområde, m.a. i Sognefjorden. Dette bør komme betre fram i utgreiingsprogrammet.

Statsforvaltaren si vurdering

1. Etter utsendinga av oppstartsmeldinga for marint vern har Kystverket sendt ut oppdaterte kart for eksisterande og nye ankringsområde på høyring. Tal ankringsområde auka frå 11 til 23. Ankring vil vere viktig å greie ut i ei konsekvensutgreiinga, og vi har oppdatert utgreiingsprogrammet med meir omtale av dette temaet. Sjå tabellen på side 39-41 i utgreiingsprogrammet.

Innspel til verneplanen

1. Kystverket eig og drifter fleire navigasjonsinnretningar, og vil ha behov både for å drifte, vedlikehalde, og etablere nye innretningar.
2. Det er ei hovudlei inn fjorden og fleire bileier ut i sidearmene av Sognefjorden, og Kystverket ber om at det ikkje vert sett reguleringar mot ferdslø og opphald av fartøy langs farleiene.

3. Det er viktig at hamnar og kaianlegg vert teke omsyn til i det vidare arbeidet med marint vern, også med tanke på manøvreringsareal i sjø.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Rammene for Kystverket sin aktivitet i Sognefjorden vil bli avklart i verneplanarbeidet. Drift og vedlikehald vil uansett kunne fortsette uavhengig eit marint vern. Tabellen på side 39-41 i utgreiingsprogrammet viser at nye navigasjonsinstallasjonar i marine verneområde kan få løyve etter søknad, og inngår i omgrepet lettare lokal infrastruktur i tabellen.*
2. *Det vil i utgangspunktet ikkje bli restriksjonar på ferdsle på fjorden. Langtidslagring av skip vil bli utgreidd i verneplanarbeidet. Opphald av skip ved bruk av ankring vil verneprosessen avklare, til dømes om det skal setjast av område til oppankring der det ikkje er sårbart marint naturmangfald.*
3. *Både aktiviteten ved og eventuelle behov for utviding av hamner og kaianlegg, samt manøvreringsareal, vil bli greidd ut i verneplanarbeidet. Det er viktig at Kystverket bidreg med innspel på dette i høyringa for det marine vernet. Det kan også vere aktuelt med sær møte om marin trafikk i verneprosessen.*

Bjørn Henning Hov, e-post 21.03.2023

Fekk stadfesta utsett frist til 22.03.2023 i e-post frå oss datert den 15.03.2023. Innspelet gjeld for gards- og bruksnummer 58/1 på Styvi i Aurland kommune. Garden ligg både innafør Nærøyfjorden landskapsvernområde og verdsarvområdet.

Merknader til utgreiingsprogrammet

1. Det er viktig for grunneigarar i området å få god nok informasjon i prosessen, og det er viktig med god dialog undervegs. Det er allereie mange aktørar å forhalde seg til, som t.d. kommunen, verneområdestyret, verdsarvparken, SNO, med fleire.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Vi skal gjere vårt beste for å informere breitt undervegs i verneprosessen. Eitt eige kapittel i utgreiingsprogrammet omtalar korleis ein kan påverke og involvere seg, og heimesidene våre om verneprosessen vil bli oppdatert når det skjer noko nytt undervegs.*

Innspel til verneplanen

1. Marint vern må ikkje vere til hinder for planlagt opprusting av kaianlegg og eventuell framtidig oppgradering og utviding av kaianlegg med båtopptrekk. Marint vern må heller ikkje vere til hinder for aktiv landbruksdrift.
2. Gardsbruket Styvi med Holmo ligg innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde, der grensa for verneområdet går fem meter ut i sjøen. Det er ønskeleg at grensa for marint vern vert lagt inntil grensa for landskapsvernområdet slik at verneområda ikkje overlappar. Dette vil også gje mindre byråkrati.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Rammene for vedlikehald, oppgradering, utviding eller nybygging av kaianlegg som er naudsynte for landbruks- eller anna drift vil bli greidd ut i verneplanarbeidet. Drift og vedlikehald vil uansett kunne fortsette uavhengig eit marint vern. Tabellen på side 39-41 i utgreiingsprogrammet viser at nye anlegg i marine verneområde kan få løyve etter søknad, og inngår i omgrepet lettare lokal infrastruktur i tabellen.*

2. *Grensene for det marine verneområdet, og om det skal overlappe eller gå kant-i-kant med landskapsvernområdet, blir greidd ut i verneplanarbeidet. Vi tek innspelet om potensielt auka byråkrati for aktive brukarar av området med oss vidare i arbeidet.*

Fiskeridirektoratet, brev 23.03.2023

Merknader til utgreiingsprogrammet

1. Oppstartsmeldinga og utgreiingsprogrammet er oversiktleg og gjev ei god skildring av tema som skal greiast ut. Det er avgjerande for det vidare vernearbeidet at kunnskapsgrunnlaget er så breitt og oppdatert som mogeleg. Prosessen må klargjere kva konsekvensane marint vern vil kunne medføre for haustinga av marine ressursar. Det er forventa eit nært samarbeid med sektormyndigheiter i vidare planprosess, med open dialog og tilstrekkeleg informasjon.
2. Bruk av snurpenot ligg ikkje inne i tabellen over aktivitetar og tiltak som vil vere lov eller ikkje lov i eit marint verneområde. Dette er fiskemetoden som vert brukt på brisling. Fordi brislingfiske har krav om ei oppankra lyskjelde må oppankring av fartøy i samband med fiske av snurpenot bli sett i samanheng.
3. Visar til utgreiingsprogrammet der det blir teke opp å vurdere utviding av verneområdet mot vest. Då vil det i tilfelle kunne overlappe med haustefelt for tare, noko som kan ha betydning for taretrålingsnæringa. Dette må i tilfelle greiast ut.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Vi vil sikte mot eit så grundig og solid kunnskapsgrunnlag som mogeleg i verneprosessen, og KU vil greie ut kva eit potensielt vern vil kunne bety for m.a. hausting av marine ressursar. Vi skal gjere vårt beste for å informere breitt undervegs i verneprosessen. Eitt eige kapittel i utgreiingsprogrammet omtalar korleis ein kan påverke og involvere seg, og heimesidene våre om verneprosessen vil bli oppdatert når det skjer noko nytt undervegs.*
2. *Vi vil leggje inn snurpenot i tabellen på side 39-41 i utgreiingsprogrammet. Sidan snurpenot i utgangspunktet ikkje påverkar fjordbotn vil ikkje eit marint vern ha restriksjonar mot slikt fiske. Oppankring i samband med lysfiske etter brisling må bli greidd ut i KU.*
3. *Kartet i figur 4 viser det aktuelle utgreiingsområdet for KU. Dette overlappar ikkje med tarefelta som Fiskeridirektoratet visar til. Det er heller ikkje aktuelt for Statsforvaltaren å foreslå utviding av utgreiingsområdet mot vest, med mindre kommunane i ytre del av Sognefjorden sterkt ønskjer dette. Vi vil i så fall utgreie konsekvensane for taretrålingsnæringa.*

Innspelet til verneplanen

1. Verneprosessen må klargjere kva akvakultur som vernestyresmakta vurderer å vere i strid med verneføremålet og kva akvakultur som kan bli lagt til grunn for dispensasjon. Dette er viktig for at akvakulturnæringa skal ha føreseielege rammar. Det vil vere framtidige behov for endring av arealbruk i næringa.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Rammene for akvakultur vil bli greidd ut i verneprosessen. Vi viser også til tidlegare kommentarar under same tema.*

Solund kommune, e-post 28.03.2023

Merknader til utgreiingsprogrammet

Solund kommune ønskjer ikkje å gje uttale i denne omgang.

Nærøyfjorden verneområdestyre, brev datert 28.03.2023

Merknader til utgreiingsprogrammet

1. Verneområdestyret ønskjer ei avklaring i verneprosessen for kva påverknad havbeite og havbruk kan ha på marint vern, og om havbeite og havbruk kan påverke marine verneverdiar negativt.
2. Enkelte grunne område i Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden kan ha stor betydning for biologisk mangfald og bør undersøkjast.
3. Verneprosessen må avklare kven som har forvaltningsansvar der marint vern fell saman med landskapsvern.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Rammene for både havbruk og havbeite vil bli avklart i verneprosessen.*
2. *Vi er i gang med kartlegging av Sognefjorden for å få best mogeleg kunnskap om mangfaldet i området ut i frå tilgjengelege ressursar.*
3. *Grensene for det marine verneområdet blir avklart i verneprosessen, slik at vi kan planlegge forvaltninga ut i frå om det er tilgrensande eller overlappende areal. Det er Miljødirektoratet som delegerer myndigheita for forvaltning av området etter vedtak i statsråd.*

Innspelet til verneplanen

1. Nærøyfjorden verneområdestyre er positive til eit marint vern av Sognefjorden, og meiner vernet vil kunne bidra til å både styrke verdsarvstatusen og fokuset på det marine naturmangfaldet når også fjordareal frå sjøkartnull til sjøbotn blir verna. Marint vern vil kunne bidra positivt til ivaretaking av allereie verna område langs Sognefjorden, Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Vi tek innspelet til vitande.*

Breheim Nett AS (Luster Energiverk), brev datert 30.03.2023

Merknader til utgreiingsprogrammet

1. Breheim Nett AS har ein søknad om to sjøkablar til handsaming hos Kystverket. Kablane ligg i Lustrafjorden frå Skjolden cruisekai til Teigen og frå Teigen til Mordøla. Luster Energi har ein eksisterande sjøkabel (fiber) mellom Solvorn og Ornes.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Vi inkluderer omtale av disse kablane i utgreiingsprogrammet under kapittelet Linjer og kablar*

Innspelet til verneplanen

1. Verneforskrifta må ivareta naudsynte omsyn til drift og vedlikehald av distribusjonsnett, lågspentnett og kommunikasjonsnett og sikre eit generelt unntak i vernereglane for tiltak knytt til drift, vedlikehald og bygging av nettverk i verneområdet.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Drift og vedlikehald av kablar vil ikkje bli påverka av eit marint vern. Ved legging av nye kablar vil dette kunne bli handsama som ein dispensasjon av forvaltningsstyresmakta. Verneprosessen vil greie ut rammene for dette.*

Høyanger kommune, brev datert 31.03.2023

Merknader til utgreiingsprogrammet

1. Høyanger kommune meiner det er viktig med ei god kunnskapsinnhenting og konsekvensutgreiing for både å forstå verneverdiane, men også for å få eit godt grunnlag for å vurdere omfanget av eit marint vern. Dette gjeld både innhald (reglar) og vernegrensar. Både samfunnsinteresser og samfunnsøkonomi må bli grundig omtala og vurdert i verneprosessen.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Vi vil hente inn både eksisterande og ny kunnskap om Sognefjorden i prosessen. Prosessen kring utgreiingsprogrammet og konsekvensutgreiinga skal sikre eit solid kunnskapsgrunnlag for å utarbeide både vernereglar og grensar for eit framtidig verneområde.*

Innspel til verneplanen

1. Høyanger kommune er positiv til at det er starta opp arbeid med marint vern av Sognefjorden og ønskjer å bidra til at Noreg fyl opp internasjonale forpliktingar.
2. Akvakulturnæring er viktig for Høyanger kommune, og næringa må få utvikle seg innanfor ei berekraftig ramme også i framtida.
3. Høyanger kommune støttar Osland Havbruk sitt innspel om at det vil vere uheldig å verne Øystrebøvatnet fordi vatnet er sterkt påverka av menneskeleg aktivitet med både kraftutbygging, vasskraftutbygging og massedumping. Kommunen meiner difor at Øystrebøvatnet bør bli teke ut av det endelege verneområdet.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Vi tek innspelet til vitande.*
2. *Det vil framleis vere akvakultur i eit marint verneområde. Rammene for akvakultur vil bli greidd ut i verneprosessen.*
3. *Vi tek innspelet til vitande.*

Aurland kommune, brev datert 31.03.2023

Merknader til utgreiingsprogrammet

1. Aurland kommune ønskjer å delta aktivt i medverknadsprosessen gjennom arbeid i referansegrupper og folkemøte.
2. Aurland kommune ynskjer at prosessen kring vern av Sognefjorden kan bli koordinert med medverknadsprosessar på kommunenivå.
3. Ein må syte for ein inkluderande prosess opp mot innbyggjarar og lokalt og regionalt næringsliv.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Aurland kommune er foreslege som deltakar i referansegruppa for lokale myndigheiter. Vi sikter på folkemøte i høyringsperioden om det er lokal interesse for det i samarbeid med kommunen.*

2. *Sidan alle kommunane er i ulike fasar av kommuneplan- og arealprosessar vil det bli vanskeleg å koordinere verneprosessen for Sognefjorden med dei kommunale prosessane.*
3. *Utgreiingsprogrammet skildrar vårt framlegg til korleis ein kan medverke, sjå kapittel 6.*

Innspeil til verneplanen

Aurland kommune ynskjer at prosessen kring vern av Sognefjorden tek med seg desse punkta:

1. Sikre at handlingsrommet i vern av Sognefjorden heng saman med handlingsrommet i eksisterande vern og verdsarvområde.
2. Sikre ein meir føreseieleg og heilskapleg utvikling av fjordane saman med utfordringane knytt til elvane.
3. Bruke besøksstrategiar og besøksforvaltningsplanar som verktøy i prosessen.
4. Syte for at staten bidreg med naudsynte midlar for å kartlegge særlege sårbare marine miljø, og følgje opp med midlar til tiltak.
5. Marint vern skal ikkje setje restriksjonar i båt- og skipstrafikk.
6. Marint vern skal ikkje setje restriksjonar på bruken av strandsona med omsyn til bygging av kaianlegg, turstiar, osb.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Verneprosessen vil få fram reglane i dei ulike verneregima og leggje grunnlag for vurdering av både grenser og vernereglar i og mellom dei eksisterande verneområda, samt verdsarven, og marint vern.*
2. *Med marint vern vil ein kunne auke handlingsrommet som naturen har til å utvikle seg innanfor naturens rammer, men her har også kommunane ei viktig rolle i å avgrense utslepp av næringsstoff som VA-forvaltar. Marint vern går i utgangspunktet til 2 meter under sjøkartnull, men vi ønskjer å inkludere areal også i fjøresona der det er viktige grunne oppvekstområde for artar. Vassforvaltningsplanane skal sikre ei heilskapleg forvaltning av vassførekomstane, deriblant elver, innsjøer, kystvatn og grunnvatn. Miljømåla skal sikre eit heilskapleg bruk/vern av vatnet innan planperioden 2022-2027.*
3. *Besøksforvaltning kan vere eit godt verktøy for å leggje til rette for informasjon og besøkspunkt etter at vernet formelt er oppretta. Det blir viktig å kome i gang tidleg med å utarbeide ein forvaltningsplan og god dialog mellom dei ulike forvaltningsstyresmaktene vil vere veldig viktig for å sjå heilskapen.*
4. *Vi har fått midlar til å kartleggje sårbart marint biomangfald i Sognefjorden som eit ledd i verneprosessen. Vidare kartlegging og igangsetjing av tiltak for å styrke og oppretthalde verneføremålet vil forvaltningsstyresmakta kunne prioritere etter at vernet formelt er oppretta.*
5. *Marint vern vil ikkje hindre ferdsel med båt, men vil kunne avgrense oppankring av store fartøy utanfor visse område. Verneprosessen vil greie dette betre ut.*
6. *Marint vern vil ikkje setje restriksjonar på bygging av turstiar på land, men vil kunne medføre reglar mot nye anlegg innanfor vernegrensa som i utgangspunktet vil gå to meter under sjøkartnull. Det er lagt opp til at det skal vere høve til å søkje om dispensasjon for kaier og anlegg for friluftsliv innanfor vernegrensa. Verneprosessen vil gje nærare avklaringar om desse tema.*

Sogndal kommune, brev datert 12.04.2023

Merknader til utgreiingsprogrammet

1. Sogndal kommune foreslår å kartleggje marine avfallsplassar og deira påverknad på fjordmiljøet. Med slik kunnskap kan ein også få oppdatert grunnforureiningsdatabasen.
2. Kommunen foreslår å sjå nærmare på kva effekt oppankring av større fritidsbåtar, t.d. yachtar, kan ha på botnforhold og sårbare økosystem.
3. Det bør greiast ut korleis magasinerte kraftverk endrar den naturlege avrenninga av ferskvatn til fjorden både på kort og lang sikt, og om det finnast avbøtande tiltak. Dette gjeld særleg i tronge fjordar.
4. Verneprosessen bør sjå på tema for auke kunnskapen kring artsmangfaldet og økosystema i fjorden.
5. Verneplanen bør implementere overvaking av fjorden, både kjemisk og økologisk.
6. Det trengs eit betre datagrunnlag på fleire vassførekomstar, og fleire terskelfjordar står i fare for å ikkje nå miljømåla som er sett i vassforskrifta. Verneprosessen bør få vurdert moglegeheitene for å auke kunnskapen på dette.
7. Det marine vernet bør sjå på tema som tilrettelegging for forskingsprosjekt.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Utgreiingsprogrammet omtalar behovet for å samle kunnskap om dumpeplassar for ureining under kapittel 4.3.1. Verneprosessen vil sikte på å samle inn mest moglege eksisterande kunnskap som kan vere fragmentert og mindre tilgjengeleg gjennom kartverktøya. Kommunane har truleg betre oversikt enn Statsforvaltaren over gamle bos plassar i fjorden, og dette kan t.d. bli tema i møte i referansegruppa for lokale myndigheiter. HVL har lufta ideen om få gjennomført ei slik kartlegging som ei studentoppgåve. Dersom vi ikkje får den fulle og heile oversikta ila verneprosessen kan dette også vere noko forvaltningsstyresmakta kan jobbe vidare med etter vernevedtak.*
2. *Ankringsområde, med både kva naturmangfald som er der, samt kva effekt ankringa kan ha, blir eitt av to delprosjekt når Havforskningsinstituttet skal gjennomføre kartlegging i Sognefjorden sommaren 2023.*
3. *Sjå svaret vårt til Bjarne Meel eller til Statkraft Energi AS og til oppdatert omtale av vasskraft i kapittel 3.1.2 og 4.3.5. Både HVL og HI undersøker korleis vasskraft påverkar fjordmiljøet, til dømes gjennom denne [oppsummeringa](#). Endring av minstevassføring i eksisterande utbyggingar føreset at det blir opna for revisjon av konsesjonsvilkår. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)/Olje- og energidepartementet (OED) er konsesjonsmynde og kan endre gjeldande manøvrering. Marint vern har ikkje tilbakeverkande kraft.*
4. *Utgreiingsprogrammet skildrar tema som kan vere aktuelle å samle meir kunnskap om i løpet av verneprosessen. Artsmangfald og økosystema i fjorden inngår her.*
5. *Det er sett i gang innsamling av både kjemiske og økologiske data av Sognefjorden med sidefjordar gjennom vassregionarbeidet. HVL har gjennomført undersøkingar i fleire fjordar for å verifisere disse tala.*
6. *Vassførekomstar og oppfølging av disse er i utgangspunktet ikkje tema i verneprosessen. Fylkeskommunen koordinerer dette arbeidet.*

7. *Både HVL og HI, samt Universitetet i Bergen, har forskingsaktivitet i Sognefjorden. Om forskinga treng dispensasjon frå verneforskrifta for å kunne utføre forskingsaktivitet, vil forvaltningsmyndigheita kunne handsame det.*

Innspeil til verneplanen

1. Verneprosessen bør inkludere vurdering av ulikt vern for særlege sårbare delar av fjorden, som t.d. naturleg oksygenfattige fjordarmar som er meir utsette for eutrofiering.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Verneprosessen vil inkludere vurdering av eigna areal i Sognefjorden som referanseområde for forskning og overvaking, som vil medføre høgare terskel for dispensasjonspraksis. Det er lagt opp til å skilje mellom to restriksjonsnivå, sjå kapittel 3.2.4.*

Vestland fylkeskommune, brev datert 05.05.2023

Merknader til utgreiingsprogrammet

1. Det er viktig at verknadar for reiseliv, landbruk, industri, samferdsel og ferjetrafikk vert utgreidd.
2. Dei samfunnsmessige verknadene av verneforslaget der konsekvensar for næringar som får avgrensing i sitt utviklingspotensiale må bli greidd ut for framtidige følgjer for verdiskaping, busetting og sysselsetting.
3. Det er viktig at kommunane blir involvert tett i den vidare prosessen.
4. Det er verdt å omtale Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA): Høyanger, Strendene i Vik, Balestrand og Vangsnes, Grinde – Engjasete, Nærøyfjorden, Lustrafjorden og Bergensbanen og Flåmsbanen.
5. Det er igangsett arbeid for ein buffersone som synleggjer fjorden si sentrale rolle i etableringa av Urnes stavkyrkje, noko som bør bli inkludert i kunnskapsgrunnlaget for marint vern.
6. Til kunnskapsgrunnlaget kan det bli omtalt at alle skip og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom og sikra gjennom kulturminnelova.
7. Det er viktig å greie ut kva konsekvensar vernet vil få for næringsverksemd på land fordi Sognefjorden er prega av vasskraftutbygging, industrisamfunn og har stor produksjon av ulike landbruksprodukt.
8. Fordi Sognefjorden kan spele ei viktig rolle i framtidig energiproduksjon, t.d. ved utnytting av sjøtemperaturar i energiproduksjon, må konsekvensane for utvikling av slik framtidig aktivitet innan næring, teknologi og infrastruktur bli greidd ut.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Utgreiingsprogrammet skildrar disse tema, og disse skal bli utgreidd i KU.*
2. *Konsekvensutgreiinga skal sjå på disse samfunnsmessige verknadane av eit potensielt marint verneområde.*
3. *Utgreiingsprogrammet skildrar korleis m.a. kommunane blir involvert i prosessen, mellom anna gjennom referansegrupper, sær møte og folkemøte.*
4. *Vi vil oppdatere utgreiingsprogrammet og omtale KULA og buffersona rundt Urnes stavkyrkje under kapittelet om kulturminne under 3.1.3, slik at arbeidet kan inngå i kunnskapsgrunnlaget.*

5. *Sjå punkt 4.*
6. *Vi legg til ei formulering om eigedomsretten til marine kulturminne under tema som skal greiast ut i KU.*
7. *Vi har oppdatert utgreiingsprogrammet med meir omtale av vasskraft. Marine areal inntil industriområde er blant avgrensingane som skal bli vurdert i KU.*
8. *Vi vil leggje inn omtale av utnytting av sjøtemperaturar til energiproduksjon som ein potensiell framtidig næring, slik at dette vert ein del av konsekvensutgreiinga.*

Innspel til verneplanen

1. Vestland fylkeskommune er positiv til oppstart av prosess for marint vern av Sognefjorden med tilhøyrande konsekvensutgreiing. Fylkeskommunen er positiv til at marint vern vil bli vurdert og utgreidd for å bidra til sikring av landskap og kulturminne under vatn mot inngrep og tiltak.
2. Verneforslaget vil sikre fjorden som viktig friluftarena.
3. Marint vern vil vere med på å styrke verdsarvstatusen for Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden.
4. Forvaltningsmyndet av eit framtidig marint verneområde bør bli lagt til eit regionalt folkevalt nivå. I tillegg bør det bli oppretta eit rådgjevande utval for forvaltninga.
5. Grunne område i Sognefjorden vil ha stor verdi som karbonlager og som karbonopptakar, noko som er i samsvar med fylkeskommunale planar og målet om å ta vare på naturen sitt mangfald for å redusere klimarisiko.

Statsforvaltaren si vurdering

1.- 5. Vi tek med oss innspela vidare i verneprosessen.

Innkomne brev etter oppstartsmeldinga, men før den offisielle høyringa

Tida i verneprosessen som har gått mellom oppstartsfasen og høyringsfasen har Statsforvaltaren brukt til innsamling av kunnskap om verneverdiar og utgreiing av konsekvensar. I denne fasen har det likevel også komme innspel til den marine verneprosessen. Her blir disse innspela oppsummert og kommentert kort. Vi les breva som innspel til verneplanen.

Uttale frå Naturvernforbundet sitt årsmøte den 18.11.2024

Innspel til verneplanen

Naturvernforbundet vedtok 10. november 2024 ein uttale der dei krev at Sognefjorden vert verna. Forbundet understrekar at både kommunane langs fjorden og staten må ta sitt ansvar for å vedta og gjennomføre dette vernet. Førre-var-prinsippet, slik det er forankra i naturmangfaldlova, må liggje til grunn for vernet. Vernet vil vere kritisk for å ta vare på det unike naturmangfaldet til fjorden og for å sikre sårbare marine økosystem nødvendig beskyttelse. Sognefjorden er eit biologisk skattkammer som huser viktige økosystem, inkludert tareskog og ålegrasenger. Fjorden inneheld òg gyteområde for fiskeslag som torsk og sei. I tillegg til naturen er Sognefjorden ein uerstatteleg og viktig del av kulturarven og historia. Den har vore livsnerven for lokalsamfunn i tusenvis av år. Å verne fjorden handlar om å ta vare på samspel mellom natur og menneske. Eit marint vern av Sognefjorden kan bli ei suksesshistorie for Noreg og syne at Noreg respekterer internasjonale avtalar og forpliktingar. Dette kan

inspirere andre nasjonar til å vise at langsiktig vern er mogleg. Forbundet trekkjer fram andre stader, som Sunnfjord med Førdefjorden, der naturen er ofra for kortsiktig økonomisk vinning. Sognefjorden kan derimot bli eit symbol på å gjere det rette for framtida. Vernet vil sikre at både naturressursane og kulturarven vert bevart for generasjonar framover.

Statsforvaltaren si vurdering

Vi tek innspellet til vitande og syner til høyringsforslaget vårt.

[Uttale frå Nettverk fjord- og kystkommuner, brevet vart motteke hos Statsforvaltaren den 27.10.2025, brevet er datert 20.11.2025](#)

Innspelet til verneplanen

Nettverk fjord- og kystkommuner (NFKK) sender ein uttale der dei meiner det ikkje er naudsynt å innføre egne regime for vern av kysten. Dei understrekar at forteljinga om havet er uløyselig knytt til forteljinga om Noreg. Kysten er ein del av vår felles identitet og heilt avgjerande for vårt livsgrunnlag, og må brukast med respekt og omtanke. NFKK er heilt avhengig av at kysten framleis er ei ressurs. Nettverket meiner at ei berekraftig forvaltning av sjøområda i staden må skje gjennom plan- og bygningslova. Denne lova gjev gode høve til å balansere vern og vekst på ein berekraftig måte og ivaretek samstundes både lokalt sjølvstyre og nasjonale føringar. Kommunane har allereie system for å regulere utslepp og inngrep, og om naudsynt må desse systema styrkast og lovverket spissast. NFKK fryktar at marint vern kan hindre positiv utvikling basert på naturgjevne føresetnader. Dei meiner vern kan skape økonomiske og sosiale utfordringar i kystkommunane. Nettverket fryktar eit nytt nivå av statleg styring. Dette vil leggje seg over eksisterande, velfungerande lovverk. Dei meiner at dette vil føre til meir byråkrati og lengre sakshandsaming. Marint vern må ikkje skape avstand mellom folk og kyst. NFKK forventar at kommunane vert tekne med i arbeidet som ein aktiv part. Dette er naudsynt for å balansere lokale omsyn opp mot nasjonale målsetjingar.

Statsforvaltaren si vurdering

Vi viser til oppdraget om igangsetting av verneprosess, og syner elles til høyringsforslaget vårt.

Vi viser spesielt til høyringsdokumentet med omtale av mogeleg forvaltningsregime.

Statsforvaltaren understrekar at det ikkje er naudsynt med eit nytt nivå med statleg styring dersom det blir oppretta eit verneområdestyre med lokalt oppnemnte politikarar, og ein tilsett verneområdesekretær, med kontor nær verneområdet.

[Uttale frå åtte ordførarar, brevet vart motteke hos Statsforvaltaren den 27.10.2025, brevet er datert 07.10.2025](#)

Innspelet til verneplanen

Åtte Arbeidarparti-ordførarar langs Sognefjorden signerte ein felles uttale om marint vern av Sognefjorden. Det blir fortalt i brevet at fjorden er avgjerande for kommunane sin eksistens og felles identitet. Den er viktig for matsikkerheita, transportveg for produksjon, og er ein stor verdattraksjon. Ordførarane er både glade og skeptiske til vernetiltaka og er samde i at fjorden må respekterast og brukast med forstand og varsemd. Samstundes er kommunane heilt avhengige av at fjorden framleis vert eit næringsareal og ein ressurs. Dei åtte kan ikkje akseptere at eit marint vern skaper avstand mellom folk og fjorden. Ordførarane meiner at utslepp og inngrep allereie vert regulert klokt gjennom eksisterande system. Om naudsynt må desse systema og lovverket styrkast

og spissast i fellesskap og fryktar eit nytt nivå av statleg formynderi. Eit nytt regelverk vil leggje seg over allereie velfungerande lovverk. Dette fryktar dei vil skape meir kompliserte prosessar, tyngre sakshandsaming og eit strengare lovverk for utvikling. Dei ser ikkje at det føreslåtte verneforslaget tek ei reell avveging mellom samfunnsutvikling, busetnad og verdiskaping i distriktskommunane og fryktar vernet vil hindre positiv utvikling basert på naturgjevne føresetnader. Dette kan føre til økonomiske og sosiale utfordringar i kommunane langs fjorden. Ordførarane oppmodar difor sterkt om at det ikkje blir pålagt eit eige regime for vern. Dei ynskjer at fjorden sitt beste vert ivareteke av stat, fylke og direktorat i tett samarbeid med kommunane og innbyggjarane.

Statsforvaltaren si vurdering

Vi syner til møtereferat datert den 5. november på Statens hus med alle ordførarane, og syner elles til høyringsforslaget vårt som kjem ut offentleg i desember/januar med både kart og vernereglar som siktar etter å avvege samfunnsinteressene med naturverdiane.

Uttale frå Kystverket datert 20.10.2025

Innspeil til verneplanen

Kystverket har sendt innspel til det føreslåtte marine vernet i Sognefjorden. Dei stiller spørsmål ved om detaljar vert lagt inn i forskrifta eller kjem som eigne føresegner seinare.

1. Kystverket er særleg kritisk til forslaget om å forby langtidsoppankring av skip og stiller spørsmål ved grunngjevinga for dette forbodet. Denne typen ankring gjev truleg mindre skade på havbotn og færre avgassar enn hyppigare ankringar. Å ha tilgjengelege område for opplag av skip er viktig på grunn av konjunktursvingingar. Det er lagt ned betydelege verdiar i sertifisering av infrastruktur for opplag i Vetlefjorden. Kystverket rår difor til at Statsforvaltaren ikkje gir forbod mot langtidsoppankring i Vetlefjorden. Dei meiner konsekvensane av å ta ut dette viktige området må greiast ut betre.
2. Vidare støttar Kystverket forslaget om å trekkje vernegrensa ut frå hamnene. Dette skal unngå konflikt med sjønært næringsliv og ikkje hindre framtidig utvikling. Grensa for vern inn mot hamn må vurderast i kvart tilfelle. Dette er viktig for at skipa kan manøvrere og leggje til kai på ein trygg og forsvarleg måte. Årdalstangen og fleire andre hamner er brukt som døme der vernegrensa må trekkast utanfor ankringsområdet. Dei minner om at hamnene er viktige for industri, næringsutvikling, den grønne omstillinga, for logistikknettverket og forsyningstryggleiken, samt forsvar og beredskap. Kystverket ynskjer å bidra med kunnskapsgrunnlag i det vidare arbeidet.
3. Kystverket nemner òg at Sognefjorden vert nytta til testing av utstyr frå offshorefartøy. Det bør kartleggast korleis vernet påverkar denne aktiviteten.

Statsforvaltaren si vurdering

1. *Statsforvaltaren foreslår å forby langtidsopplag av skip, jamfør tilrådinga i KU, men foreslår samstundes å opne for dispensasjonar for dette føremålet. Då kan forvaltningsmyndigheita vurdere søknad om langtidsopplag i Vetlefjorden og eventuelt stille vilkår for slike opphald for å sikre at verneføremålet blir ivareteke.*
2. *Høyringsforslaget til marint vern av Sognefjorden har trekt vernegrensa vekk frå hamner og anna tilsvarande infrastruktur, men fordi forslaget opnar for ankring av skip innanfor dagens ankringsområde ser vi ikkje det som naudsynt å ekskludere ankringsområda frå verneområdet. Disse vil bli avmerkt spesielt på vernekartet.*
3. *Kunnskapsinnhentinga så langt kan vere mangelfull for bruken av Sognefjorden som testarena for offshorefartøy. Vi legg til grunn at Kystverket kan vidareformidle*

verneforslaget til aktuelle interessentar, eventuelt sende opplysningar oss om aktuelle mottakarar av invitasjonen til høyringa. Vi syner elles til høyringsforslaget.

Brev/innspel frå Høyanger kommune og Statkraft i brev og e-postar februar/mars 2026.

Innspelet gjelder planane for det nye kraftverket Høyanger K5 og tilhøyrande næringsareal i Høyangsfjorden. Det vert påpeika at utkast til vernegrense ikkje tok tilstrekkeleg omsyn til kraftverksplanane, og kommunen og Statkraft bad difor om at vernegrensa vart justert, også med ei buffersone, kring den planlagde utfyllinga ved Sandvika. Dette er nødvendig for å unngå kanteffektar som kan oppfattast som inngrep i eit framtidig verneområde og for å sikre framdrifta i kraftverksprosjektet.

Statsforvaltaren si vurdering

Statsforvaltaren har vurdert innspelet frå Høyanger kommune og Statkraft. Vi har ikkje kunnskap som tilseier at ei justering for å tilpasse vernegrensa til kommunen sin oppdaterte plangrense vil påverke naturmangfaldet i Høyangsfjorden negativt. Vi har på denne bakgrunnen valt å justere forslaget til vernegrense i tråd med innspelet før forslaget vert sendt ut på offentleg høyring. Miljødirektoratet har godkjent justeringa.

Innkome merknadar til kart frå grunneigarar før høyring

Den 20.03.2026 sendte Statsforvaltaren brev med særleg underretning om det marine vernet til 434 grunneigarar med privat eigedom inne i det som blir verneforslaget, brevet inneheldt også lenke til vernekartforslaget. Grunneigarane fekk frist på tre veker (til 15.04.2026) for å kome med merknadar til vernekartet. Det kom inn åtte merknadar innan fristen. Disse er oppsummert og kommentert under:

Bjørnar Øyri (23.03.2026): Grunneigaren meiner det føreslåtte vernet opp til flo-målet på hans eigedom er for omfattande og manglar tilstrekkeleg grunngeving, då naturverdiane på staden berre er vurderte til lokal verdi (C-verdi). Han påpeikar behovet for vedlikehald av eit elveutløp for å førebyggje flaumskadar, omsyn til eksisterande infrastruktur som vatn og fiber, samt at vernet er i direkte konflikt med ein vedteken kommunal plan for småbåthamn og fritidsbustader.

Statsforvaltaren si vurdering

Statsforvaltaren vil ta ei samla vurdering av alle generelle innkomne merknadar til vernegrense etter høyringa. Vi tek likevel til etterretning no den delen av innspelet der den grønne streken (vernegrense på privat eigedom) ligg inne i den vedtekte kommunale planen for småbåthamn og fritidsbustadar, og korrigerer den før høyring.

Ingrid Fraas og Ole Morten Mjelstad (23.03.2026): Grunneigarane er positive til at deira eigedom i Solvorn vert inkludert i det marine verneområdet, gjerne med ei grense som går opp til flo-målet langs heile eigedomen. Dei gjer samstundes merksam på at det ligg føre eit kommunalt forslag om småbåthamn på deira grunn som er mot deira vilje, og dei håpar Statsforvaltaren vil reise motsegn mot dette tiltaket.

Statsforvaltaren si vurdering

Vi tek innspelet til orientering. Arealdelen til kommuneplanen for Luster kommune ligg no ute på 2. gongs offentleg ettersyn, med eit redusert areal til småbåthamn ved Solvorn. Framlegget om småbåthamna vert vurdert og avklart i kommuneplanprosessen.

Oddrun Kristine Høgi og Jan Kristoffer Gulbrandsen (24.03.2026): Innspelarane er svært positive til vernet og føreslår å utvide vernesona ytterlegare mot aust grunna observert fugleliv og sandbankar. Dei informerer om planar for tradisjonell fløting og uttak av tømmer til vedlikehald av verneverdige bygg på garden, og ønskjer dialog om korleis dette kan gjennomførast i samsvar med verneføremålet.

Statsforvaltaren si vurdering

Vi tek innspelet om utviding av vernegrensa til å inkludere heile gards- og bruksnummer 76/3,6 langs nordsida av Gaupnefjorden til etterretning. Det vil ikkje vere nokon form for restriksjonar mot fløting av tømmer i eit marint verneområde, sjå vårt forslag til vernereglar.

Karin Vikane (25.03.2026): Grunneigaren etterlyser konkret dokumentasjon og kart som viser kva av hennar eigedomar som er omfatta av forslaget. Ho ber om ei fagleg grunngjeving for naturverdiane på eigen grunn, kvifor grensa er sett i privat eigedom, og ønskjer ei utgreiing om restriksjonar, konsekvensar for bruk og informasjon om rettar til eventuell erstatning.

Statsforvaltaren si vurdering

Statsforvaltaren tok kontakt med grunneigaren for å formidle kart og dokumentasjon på kartlagde naturverdiar. Utgreiing om restriksjonar, konsekvensar for bruk og informasjon om eventuell erstatning er utgreidd i høyringsdokumentet.

Arthur Hunshamar (01.04.2026): Grunneigaren er positiv til føremålet med vern, men viser til at eit eksisterande naust har mista sin funksjon grunna tidlegare kommunal utfylling. Han ønskjer å etablere eit nytt, mindre naust ved dagens strandlinje og ber om at vernegrensa vert justert eller at verneforskrifta tydeleggjer at etablering av erstatningsnaust kan tillatast.

Statsforvaltaren si vurdering

Vi ser på kart at det marine vernet går opp på privat eigedom der det har vore fylt ut med masse for å byggje veg sørover frå Marifjøra. For bygging av naust er det kommunen som er planmynde, og slike tiltak er regulert av plan- og bygningslova. Dersom kommunen skulle gje løyve til bygging av naust vil ikkje det marine vernet hindre realisering av prosjektet.

Ingrid Gjerløyw (13.04.2026): Grunneigaren er sterkt imot verneforslaget og viser til at ei vernegrense ved flo-målet vil gå heilt inn på parkeringsplassen til eigedomen. Ho uttrykkjer skepsis til om det i praksis vil vere mogleg å få godkjent søknader om dispensasjon for framtidige tiltak på eigedomen.

Statsforvaltaren si vurdering

Vi tek innspelet til orientering, og viser til høyringa for betre bakgrunnsinformasjon om verneoppdraget. Der det er foreslått marint vern på privat eigedom vil vernet gå opp til flomålet, og vil ikkje påverke eksisterande anlegg som ein parkeringsplass. Marint vern vil kunne hindre tiltak som vil vere i strid med verneføremålet, men reglane har mange opningar for å kunne søkje om dispensasjon, til dømes for etablering av flytebrygger, tiltak for friluftsliv, osb. Vi viser til forslaget til verneforskrift.

Marit og Oddvar Hatlem (14.04.2026): Grunneigarane påpeikar at ein eksisterande slipp i Lifjorden, som er nødvendig for drifta av gardsturisme, manglar i planverket. Dei informerer også om planar for ei ny utleiehytte med tilhøyrande flytebryggje og gangveg, og ber om at desse tiltaka vert tekne inn i planen slik at vernet ikkje hindrar levebrødet på garden.

Statsforvaltaren si vurdering

Når det gjeld slippen på garden går foreslått vernegrense på den delen av eigedommen utanfor marbakken, altså to meter under sjøkartnull. Vi ser ikkje konflikt mellom slippen som blir brukt av garden og i gardsturismen og det marine vernet. Gjeldande planar for ny utleigehytte ved Ytre Lистраumen vil det som er avklart i plan og på land uansett ikkje vere i konflikt med marint vern. Etablering av flytebyggje kan ein få løyve til i eit marint verneområde. Vi viser til høyringsforslaget.

Svein Losnedal (15.04.2026): Grunneigaren på Losna meiner forslaget om vern opp til flo-målet for heile den 560 meter lange strandlinja er inngripande og skaper usikkerheit for den framtidige bruken av eigedomen. Han viser til at eigedomen manglar vegforbindelse og er heilt avhengig av båttilkomst, noko som krev jamleg rydding av steinar og massar frå ei elv samt fjerning av tang og tare ved båtstøene. Han ber om at ei sone på 35 meter føre naustet vert teke ut av verneområdet for å sikre vedlikehald og planlagd gjenreising av naustet med tilhøyrande båttopptrekk, og foreslår ei konkret justering av vernegrensa i tråd med ei vedlagt kartskisse.

Statsforvaltaren si vurdering

Statsforvaltaren vil ta ei samla vurdering av alle generelle innkomne innspel til justering av vernegrense etter høyringa.

Merknadar frå høyringsfasen

Etter høyring vil innkomne merknadar bli summert opp og kommentert tematisk.

Vedlegg

Innkomne merknadar ved oppstart, møtetreferat, og innspel/merknadar som har komme etter oppstartsfasen i fulltekst.